

Årsmelding 2025



Foto: Anders Kjetland

SAMAN
OM



Miljøløftet

Føreord

I årsmeldinga oppsummerer vi aktivitetar og tiltak som vart finansierte gjennom Miljøløftet i 2025. Vi rapporterer også på eit sett med indikatorar som skal vise om vi når måla i avtalen, og vi gir status på økonomien i Miljøløftet.

Miljøløftet jobbar for at det ikkje skal bli meir personbiltrafikk, men at veksten i reiser heller skal skje med kollektivtransport, sykkel eller gange. Dette blir kalla for nullvekstmålet. I 2025 har vi sett at det har vore utfordrande å nå nullvekstmålet. Byindeksen, som måler biltrafikk i Bergensområdet, viser at trafikkmengda var 2,2 prosent over nivået i 2018. Og reisevaneundersøkinga viser at ein større del av folk sine reiser skjer med bil enn tidlegare.

Samtidig har partane i Miljøløftet jobba godt med å planlegge og gjennomføre tiltak som kan snu trenden. Det har mellom anna vore framgang i det største og viktigaste Miljøløftet-prosjektet i 2025, bybanen til Åsane. Arbeidet med reguleringsplanen for traséen gjennom sentrum er godt i gang, og er venta å være ferdig våren 2027. Førebels er det usikkert når sjølve bygginga av bybanen kan starte – det avheng mellom anna av at staten og lokale partar blir einige om finansieringa av tiltaket. Det har vore oppløftande å sjå at bruken av kollektivtransport har

hatt ein betydeleg auke dei siste åra, også i 2025, og ei vidareføring av bybanenettet mot Åsane er eit viktig grep for å få enda fleire til å reise kollektivt.


Fleire prosjekt i heile avtaleområdet vart ferdige i året som gjekk. I juni kunne prosjektet på Myrane på Askøy opne, i august vart prosjekta i Sagstadvegen i Alver og Åsen–Helleskaret i Bjørnafjorden ferdige, og i Øygarden opna ny sentrumsgate i Grønamyrvegen i september. Tiltaka vil gjere det sikrare og meir attraktivt å bruke sykkel eller gå til skule, jobb og fritidsaktivitetar. I Bergen er arbeidet med to delstrekningar av den planlagde sykkelstamvegen i full gang: mellom Bradbenken og Glass Knag og mellom Nesttun og Skjold. Når heile sykkelstamvegen står ferdig, vil det gi ein samanhengande trasé frå nord til sør i Bergen.

Ei byutgreiing for byvekstområdet vart gjennomført i 2025. Utgreiinga ser på den forventade folkeveksten i Bergensområdet dei komande åra, drøftar ulike tiltak for å hindre at veksten også fører til meir biltrafikk, og undersøker effekten av dei moglege tiltaka. Byutgreiinga vart sendt på høyring hausten 2025, og vil danne kunnskapsgrunnlaget for ei reforhandling av den gjeldande byvekstavtalen.


Innhald

Føreord	2
Nøkkeltal økonomi 2025	4
Status økonomi	4
Status måloppnåing	5
Miljøløftet	11
Om Miljøløftet	12
Organisering	13
Styring	14
2025	15
Milepælar 2025	16
2025 i tal	17
Satsingsområde: Gange og sykkel	20
Satsingsområde: Kollektiv	33
Satsingsområde: Innfartsparkering	35
Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon	36
Tiltak utanfor satsingsområde	39
Effektiv arealbruk	42
Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet	45
Bypakke Bergen	48
Bompasseringer	48
Økonomi	49
Oversikt	50

Nøkkeltal økonomi 2025



Status økonomi




Status måloppnåing


Måloppnåinga i Miljøløftet blir talfesta gjennom indikatorar som er bestemt i byvekstvtalen. Trafikkutviklinga for persontransport med bil blir stadfesta gjennom byindeksen. Dette er hovudindikatoren for nullvekstmålet. Det er også fleire støtteindikatorar som skal gi eit heilskapleg bilete av transport- og arealutviklinga i avtaleområdet. Desse inkluderer teljing av kollektiv- og sykkeltrafikk, arealbruk, parkering, utslipp av klimagassar (CO2-ekvivalentar) og reisevaneundersøking (RVU).

Byindeks

Byindeksen måler utviklinga i trafikkmengda i ei rekkje teljepunkt i heile avtaleområdet. Tala for 2025 blir målt opp mot referanseåret 2018. I tillegg er det ein glidande indeks som måler snittet for dei tre siste åra. Byindeksen viser at trafikknivået i 2025 var 2,2 prosent høgare enn i 2018. Det treårige snittet har i lengre tid vore på eit lågare nivå enn referanseåret 2018, noko som primært har skuldast det låge trafikkvolumet under koronapandemien. Etter kvart som det treårige snittet har blitt mindre påverka av pandemien, ser vi at snittet har auka. Særleg det siste året har det vore ein auke i trafikken som gjer at det treårige snittet no er 0,6 prosent høgare enn i 2018.




Byindeks 2018–2025




Kollektivtrafikk

Indikatoren for kollektivtrafikk viser antal påstigingar i byvekstavtaleområdet. Bruken av kollektivtrafikk vart prega av pandemien, men har auka etterpå. Auken heldt fram i 2025, og samla sett var det 28 prosent fleire kollektivreiser enn i referanseåret 2018. Opninga av bybanelinje 2 til Fyllingsdalen i november 2022 har gjort at talet på bybanereiser har auka betydeleg, men det har òg vore auke for dei andre kollektivmidla, inkludert bybanelinje 1.



Kollektiv (påstigingar)





Sykkelindeks

På same måte som med byindeksen for biltrafikk måler sykkelindeksen trafikken gjennom fleire målepunkt på sykkelvegnettet. Det er likevel større uvisse i tala fordi indeksen har færre målepunkt, og dermed ikkje gir eit like fullstendig bilete av sykkeltrafikken. Rapporteringa frå sykkelindeksen har derfor gitt store variasjonar gjennom avtaleperioden, som vi ikkje har ei god forklaring på. Det blir arbeidd med å etablere fleire målepunkt for sykkel i Bergensområdet.



CO₂ utslepp frå vegtrafikk

Sidan 2018 har det vore ein nedgang i utslepp av klimagassar frå vegtrafikken. Denne trenden heldt fram i 2024, som er det seinaste året vi har målingar for. I same periode har andelen nullutsleppskøyretøy på vegane auka frå 18 prosent i 2018 til 47 prosent i 2024.




Reisevaneundersøking

Reisevaneundersøkinga viser antal reiser per dag og fordelinga mellom dei ulike transportmidla. Tala viser mellom anna at vi reiser mindre enn før. I 2025 var det 2,58 reiser per person per dag, om lag ti prosent nedgang frå 2018. Når det gjeld fordelinga mellom transportmidla, har det vore ein auke frå året før i andelen reiser tatt med bil. Samanlikna med 2018 er det likevel blitt ein mindre del som reiser med bil, samstundes som fleire reiser skjer med kollektiv, sykkel eller gange.

Reisemiddelfordeling 2025

Endringane i reisemiddelfordelinga er i prosentpoeng. Kategorien "anna" visast ikkje her.




Turar per person, per dag


Turar per person, per dag
2018: 2,86 | 2025: 2,58

- 9,8 %

Turar per person, 2018–2025




Reisemiddelfordeling 2018–2025



Arealutvikling


Indikatoren for arealutvikling måler gjennomsnittleg avstand frå nye bustadar og besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassar til definerte sentra i kommunane. Avstanden blir samanlikna med snittavstanden til alle bustadar/arbeidsplassar i 2018.



Parkering

Utvikling i parkering blir indikert ved å telje antal parkeringsplassar innanfor ei definert sone i kommunens regionsenter. Tala for 2025 blir samanlikna med antal p-plassar i 2018*.

*For Bergen er antall p-plasser sammenlignet med 2019, ikke 2018



Del

01

Miljøløftet



Om Miljøløftet


Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

Byvekstavtalen



Organisering

Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyring og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioriterast og korleis pengane i Miljøløftet skal brukast.

Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forberedande og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyring. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøløftet.


Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhushus, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafør sitt område.

Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedande organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekst-avtalen på vegne av alle partane i Miljøløftet, og legg til rette for god porteføljestyring og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

Organisasjonskart




Styring

Porteføljestyring

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyring. Porteføljestyring vil seie at prosjekta blir prioriterte basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

Porteføljestyring i Miljøløftet



Årleg avgjerdsprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars/april. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøløftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.

Del

02

2025



Milepælar 2025

2025

Januar

Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember

2026



24. juni

Fylkesordførar Jon Askeland klipper snora under opninga av prosjektet på Myrane på Askøy.
Foto: Silje Christine Alvsaker/Vestland fylkeskommune



26. august

Over 400 elevar og Sagstad skulekorps var på plass då Miljøløftet-prosjektet i Sagstadvegen endeleg kunne opne.
Foto: Anders Kjetland



29. august

Ordførar Terje Søviknes og fylkesordførar Jon Askeland stod for den offisielle opninga av Åsen-Helleskaret.
Foto: Silje Christine Alvsaker/Vestland fylkeskommune



17. september

Sentrumsgata i Grønamyrvegen på Straume vart offisielt opna under Mobilitetsveka.
Foto: Vignleik Brekke/Øygarden kommune



17. oktober


Byutgreiinga 2025 vart lagt fram på politisk seminar og deretter sendt på høyring til partane i Miljøløftet.
Foto: Faksimile frå byutgreiinga



11. november

Ny sykkelstamveg mellom Bradbenken og Sandvikstorget vart markert med morgonutdeling til sykklistar og gåande.
Foto: Anders Kjetland

2025 i tal



Denne oversikta gir eit forenkla bilete av kva Miljøloftet har produsert i 2025. Det blir rapportert på strekningar som er ferdigstilte det aktuelle året. Definisjonen av ferdigstilt er at "endeleg løysing er tatt i bruk". Dermed vil delar av eit prosjekt som er tatt i bruk teljast med, sjølv om ikkje heile prosjektet er ferdig.

Sykkel og gange

Det er ulike måtar å telje kor mange meter sykkel- og gangveg som er bygd. Vi har vald å telje begge retningane for dei strekningane som har høg kvalitet, og som legg til rette for to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning. Gode løysingar med fortau/sykkelfelt på begge sider av ein bilveg blir til


dømes talt to gonger. Ein sykkelveg med fortau blir talt dobbelt for sykkel (om løysinga har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning) og enkelt for fortau, med mindre det er fortau på begge sider av sykkelvegen.

Kollektivtransport

Det er også ulike måtar å telje kor mykje kollektiv infrastruktur som er bygd. Vi har vald å telje ferdigstilte strekningar inneverande år. Ettersom ein ikkje kan ta i bruk infrastruktur for kollektivsystem før heile anlegget er ferdig, blir det her rapportert på framdrifta i prosjekta det gjeldande året. På same måte som for sykkel og gange tel vi begge retningar for løysingar som har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning.

Satsingsområde: Gange og sykkel

Bergen



Gange og sykkel

1. Sykkeltelling i Bergensområdet
2. Framkommelighetstiltak sykkel
3. Fv5200 Infrastruktur Paradis
4. Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet
5. Klostergaten
6. Nonneseter
7. Hjeltestadvegen
8. Sykkelstamveg Bergen, Nesttun–Skjold
9. Sykkelstamveg Bergen, Bradbenken–Glass Knag
10. Fv585 Haukelandsveien
11. Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien
12. Sykkelstamveg Bergen, Hop–Fjøsanger
13. Paradis, byggetrinn 2
14. Apeltunveien strakstiltak
15. Fv5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset–Krabbedalen
16. Fv5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødsvog
17. Fv5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen
18. Fylkesvegkoblingar Gamlehaugen–Kristianborg
19. Fv558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk
20. Fv564 Salhusvegen, Ulsetstemma–Slettestølvegen
21. Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle
22. Fv582/Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft)
23. Fv585 Natlandsveien sør, Wiers Jenssens vei–Nye Sædalsveien
24. Sykkelstamveg Bergen, Skeie–Rådal
25. Sykkelstamveg Bergen, Nesttun–Fjøsanger
26. Sykkelstamveg Bergen, Fjøsanger–Kristianborg
27. Sykkelstamveg Bergen, Fjøsanger /Solheimsgaten.–Fabrikkgt.
28. Sykkelskap


● Ferdigstilt /under bygging

● Prosjektering

● Planlegging

Satsingsområde: Gange og sykkel

Handlingsplaner for sykkel og gange i Bergen kommune



Handlingsplan sykkel

1. Lyngfaret
2. Kronstadhøyden
3. Fløttmannsplassen
4. Løbergsveien
5. Nonnekloppen til Florida
6. Olaf Ryes veg
7. Gabriel Tischendorfs vei
8. Damsgård-Småpudden
9. Jonas Reins gate
10. Krohnåsvegen
11. Nymark øst
12. Wiers-Jenssens vei
13. Damsgårdsveien
14. Åsligrenda
15. Lien-Småpudden
16. GS-tiltak Fyllingsdalen
17. Johan Mohrs gate

- Ferdigstilt /under bygging
- Planlegging

Handlingsplan gange

- Åsane
- Fyllingsdalen
- Laksevåg
- Helmers vei–Larsen vei
- Gyldenprisveien–Strandlien
- Nordre Skogveien–Lien
- Lille Damsgårdsveien–Kringsjåveien
- Solheimslie–Skoglien
- Solheimslie–Løvstakkveien
- Hetlevikåsen–Vadmyrahallen
- Gutenbergsveien–Persenbakken
- Seimslia–Seimsheia
- Gerhard Grans vei–Slettebakken
- Tjørnhaugen–Fjellidalen

- Ferdigstilt
- Planlegging

Satsingsområde: Gange og sykkel

Miljøløftet skal styrke konkurransekrafta til gåing og sykling, og gjere det meir attraktivt å vere mjuk trafikant i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i gang- og sykkelveggar og andre tiltak som fremjar gåing og sykling.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2025. Gjennomgangen inkluderer også nokre planprosjekt som har finansiering utanom Miljøløftet, men som det ligg an til at ein nyttar Miljøløftet-midlar til å byggje. Lista er sortert etter høvesvis kommune og prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde. Symbola ved siden av prosjektnamnet viser kva midlar det er planlagt å bruke, basert på Miljøløftet sitt handlingsprogram. Faktisk finansiering er avhengig av endeleg tildeling i statsbudsjetta.

Bergen

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt Hjellestadvegen

Ny gang- og sykkelveg og opprusting av Hjellestadvegen på strekninga frå Blomsterdalen til Ådland bru. Prosjektet bidreg til at det er meir attraktivt å gå og sykle. Opprustinga av vegen har gitt betre framkome for kollektiv og anna transport. Tiltaket starta i 2017 og skulle ha vore ferdig i 2019, men vart dessverre forsinka. I 2022 vart avsluttande arbeider lyst ut på nytt og tiltaket sto ferdig i 2023. Sluttoppgjeret vart ferdig i 2024. I 2025 har det komme restkostnader knytt til svartelista arter.

Infrastruktur Paradis – Gang- og sykkelveg med bru

Som ledd i den fortettande utbygginga av området er vegtrasear justert og utvida. Gang- og sykkeltilbodet frå Statsminister Michelsens veg mot Tunvegen er oppgradert med ny lenke mellom Tunvegen og Jacob Kjødes veg. Busshaldeplassar ved Paradis skule er oppgradert. Tiltaket starta opp vinteren 2021. I 2024 vart ei 42 meter lang gang- og sykkelbru av kompositt montert over Nesttunveien og bybanesporet. Sluttoppgjer låg føre i 2025.

Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet

Strekninga frå Alvøen til Myraskjenet omfattar etablering av gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, samt oppgradering av køyrevegen for å gi betre framkome for kollektivtrafikken. Tiltaket sto ferdig i 2024. Sluttoppgjer låg føre i 2025.

Nonneseter

Prosjektet omfattar riving av Sølvvarefabrikken og tilhøyrande leilegheitsbygg. Området skal opparbeidast til torg med nytt tilgjengeleg areal for mjuke trafikantar og optimalisering av kollektivhaldeplass. Forberedande arbeid, involvering av vernemyndigheiter og sentrale aktørar starta opp i 2024. Dette har halde fram i 2025 med søknadar og prosjektering. Tiltaket er konkretisert og det er gitt rammeløyve til:

- Riving av Sølvvarefabrikken og nabobygg, samt murar og trapper.
- Etablering av nytt byrom med oppgradering av landskapsareal ved Nonneseter bybanestopp.

Riksantikvaren har fatta vedtak om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 for inngrep i freda bygrunn, jf. pbl § 21-5. Miljøteknisk grunnundersøking og tiltaksplan for forureina grunn er utarbeidd. VA-rammeplan er godkjend. Kommunen har gitt igangsetjingsløyve for riving av sølvvarefabrikken og tilknytt treskur og servicebygning, jf. plan- og bygningsloven § 21-4.

E39 sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6bc, Bradbenken–Glass Knag

Entreprisekontrakten med Vassbakk & Stol AS vart inngått i januar 2024, og arbeidet starta i april same år. Strekninga frå Bradbenken til Sandvikstorget vart ferdigstilt oktober 2025. Arbeidet vidare nordover frå Gjensidigekrysset til Glass Knag held fram. Denne delen av prosjektet er forseinka på grunn av utfordringar med grunnforhold og omlegging av eksisterande infrastruktur i grunnen og er ikkje venta ferdigstilt før tidleg i 2027.

Ei strekning på ca. 300 m forbi Sandvikstorget er ikkje påbyrja. Arbeidet på denne strekninga blir koordinert med OBOS sin områderegeringsplan for Kristianholm. Det blir jobba for oppstart her i starten av 2026 og ferdigstilling omtrent samtidig som resten av prosjektet.

Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold

Prosjektet består av om lag 2 km sykkelveg med fortau, tre bruer og omfattande arbeid med teknisk infrastruktur i grunnen. Entreprisekontrakten med Arbeidsfelleskapet FM Prosjekt 1 ANS vart inngått i november 2024 og arbeidet starta i januar 2025. Prosjektet er delt inn i to strekningar: S1 som går frå Lagunen til Fana Blikk og S2 som går frå Fana Blikk til Nesttunbrekka.

I S1 har det vore god framdrift. Brua på Apeltun har støypt ferdig to av tre etappar, vatn og avløp er lagt om/bygd nytt. Brua i Skjoldstølen er påbyrja og den framtidige traseen er ferdig utgraven mellom Fana Blikk og Sætervegen. S1 skal vere ferdigstilt hausten 2026.

I S2 har det vore utfordringar med mellombels omlegging av alle kablane, både høgspent, lågspent, fiber og straum til bustader. Arbeidet ved Idavollen barnehage er så godt som ferdig og ny parkeringsplass ved Nesttun idrettspark er ferdig. Utfordringane med midlertidig omlegging av kablar har medført ei forseinking for S2 og strekninga er planlagd ferdigstilt sommaren 2027.

Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune

Bergens sykkelstrategi ble vedtatt i 2020, med påfølgende handlingsplan i 2021. I handlingsplanen til sykkelstrategien er det lagt spesielt vekt på fysiske tiltak, som tilrettelegging av infrastruktur, sykkelparkering og dekkefornying. Fram mot 2030 fortsetter arbeidet med å realisere fase 1 i sykkelstrategien.

I 2025 ble det arbeidet med 22 større og mindre sykkeltiltak i bydelene Bergenhus, Fana, Fyllingsdalen, Laksevåg og Årstad. Størrelsen på tiltakene spenner fra oppmerking og synliggjøring, til større infrastrukturoppgraderinger som f.eks. sykkelveg med fortau. Bymiljøetaten har, som del av Miljøløftet, etablert 2,5 km sykkelvennlige løsninger på kommunalt vegnett.

Prosjektene listet opp under var ferdige i 2025:

- **Lyngfaret:** Etablering av tre meter bredt fortau fra skole til idrettshall og hevede fortauskanter for å sikre gående på eksisterende fortau. Syklende er prioritert ved eget areal hvor det samtidig forekommer innsnevring i kjørebane. Det legges opp til sykling i blandet trafikk med supplerende fartsreducerende tiltak. Arbeidet ble ferdigstilt sommeren 2025.
- **Olaf Ryes vei:** Etablering av sykkelveg og fortau i eksisterende veg med forbud mot motorisert

trafikk. Eksisterende sykkelfelt i Harald Hårfagres gate er forlenget i begge ender, slik at det vil være et sammenhengende sykkelnett fra kryss Olaf Ryes veg x Ole Vigs vei og frem til Allégaten x Strømgaten. Prosjektet ble ferdigstilt våren 2025.

- **Kronstadhøyden:** Bergens første sykkelprioriterte gate, Klaus Hansens vei, var ferdigstilt juni 2025. Den 1 km lange kommunale vegen ble etablert med rødt dekke og visuell innsnevring av vegbredden. Gaten fikk også egne symboler i vegbanen for å informere bilistene at de skal ta hensyn til syklister. Bilparkering ble omfordelt for å unngå lengre strekk uten mulighet for å møtes. Miljøløftet og Bergen kommune hadde en åpningskampanje, og prosjektet fikk stor medieoppmerksomhet.
- **Rullevennlige dekker på Fløttmannsplass:** Damsgårdsveien var etablert med brostein ved Fløttmannsplass, med effekt i at syklisterene syklet opp på fortau for å få bedre rullevennlighet. I 2025 har Bymiljøetaten løftet opp brosteinene i sykkelfeltbredden på hver side av vegen og overflatebehandlet dem, for deretter å settes ned igjen. Dette har gitt bedre forhold for syklisterene, og syklister benytter nå i større grad kjørebane fremfor fortauene når de skal til/fra brokryssingen Småpudden.
- **Johan Mohrs gate:** Etablering av sykkelvegkryss mot sykkelstamveg delstrekning 6b i Sjøgaten. Den nederste delen av Johan Mohrs gate er omgjort fra bilvei til sykkelveg med fortau. Med dette får myke trafikanter en snarveg ned til Sjøgaten. Det er også gjort mindre tiltak for å bedre fremkommeligheten for syklister i øvre del av Johan Mohrs gate.
- **Jonas Reins gate:** Siste del av Jonas Reins gate er etablert som sykkelvennlig gate. Det er nå en gjennomgående, sykkelvennlig løsning mellom Allégaten og Lars Hilles gate som knytter øvre og nedre del av Nygård sammen, og en sykkelvennlig kobling mellom Møhlenpris og Bergen sentrum. De fysiske tiltakene inkluderer rødmerkede sykkelfelt og rullevennlig brostein.
- **Strakstiltak i Åsligrenda:** Utskifting av bommer i Åsligrenda som sikrer passasje for gående og syklende. Tidligere har åpningen vært svært smal, noe som har vanskeliggjort passering med barnevogn med eller uten sykkel. I 2025 er det etablert tre meter lysåpning og bommer som krever at entreprenør lukker bommene før nøkkel kan uthentes. Dette for å sikre bommens funksjon året rundt.



Bygging av sykkelstamveg nordover frå sentrum har starta, med delstrekinga Bradbenken–Glass Knag. Foto: Karoline Rage/Statens vegvesen.



Olaf Ryes vei ubetra med nytt sykkelfelt. Foto: Erlend Bjerke Otterå



Eksisterande sykkelfelt i Jonas Reins gate er forlenga. Foto: Erlend Otterå



Det pågår arbeid med sykkelstamveg mellom Nesstun og Skjold. Foto: Karoline Rage/Statens vegvesen.



Foto: På Nonnestien lang Store Lungegårdsvannet blir det fint å ferdast for både gåande og syklistar. Foto: Thor Brødreskift.

Prosjektene listet opp under var under bygging i 2025:

- **Nonnekloppen til Florida:** Etablering av sykkelveg med fortau på Nonnestien mellom Nonneklopp bro og Florida. Som en del av konstruksjonen for utvidelsen av den eksisterende veibanen ble det etablert en «trapp» ned til vannet. Strekingen er et godt tilbud for gående og syklende mellom øst- og vestsiden av Store Lungegårdsvannet, og gir direkte tilgang for myke trafikanter til den kommende Bystranden. Den er i tillegg en svært viktig kobling for syklister som skal inn mot den sørlige delen av Bergen sentrum. Prosjektet forventes å bli ferdig i februar 2026.

Oppfølging av handlingsplan for gange i Bergen kommune

Handlingsplan for gange i Bergen kommune blir fulgt opp gjennom to pottar i Miljøløftet: «Tiltak i handlingsplan for gange» og «Gangveier til kollektivtraseer». Tiltakene som finansieres gjennom disse pottene er i hovedsak forbindelser som gjør det mer effektivt å gå, der en korter ned på avstander til kollektivholderplasser, skoler og andre viktige målpunkt. Størrelsen på tiltakene varierer, men de er i gjennomsnitt relativt små. Status i 2025 på oppfølging av planen er beskrevet under.

- **Åsane:** 11 av 17 tiltak i handlingsplanen er gjennomført. Resterende tiltak vil bli realisert i 2026. Syv av tiltakene er skoleveier etablert gjennom skogholt adskilt fra trafikkerte veier. Øvrige tiltak er snarveier som gjør det mer effektivt å gå til ulike målpunkt som Åsane senter og Åsane terminal.
- **Fyllingsdalen:** 8 av 20 tiltak i handlingsplanen er gjennomført. Resterende tiltak er under planlegging og vil bli realisert i 2026. Tiltakene er lokalisert rundt Oasen senter med nærhet til bybane og bussterminal. Flere av disse er også skoleveier eller snarveier til viktige målpunkt som Fyllingsdalen Teater, Lynghaugparken, idrettsanlegg og Ortuvatnet.
- **Laksevåg:** Gangveier mellom Vågedalen og Herman Grans vei, mellom Kringsjøveien og Damsgårdsveien og mellom Skoglien og Nordre Skogveien ble oppgradert i 2025.

Sykkeltelling i Bergensområdet

Det er samla inn data for gang- og sykkeltrafikk i avtaleområdet for heile året i 2025.

Det er etablert nytt sykkeltelepunkt i Fyllingsdalen. Punktet er operativt, men data blir ikkje publisert enno. I Åstveit er teljeutstyr ferdig installert, men enno ikkje operativt. Det er gjort innkjøp av teljeutstyr for etablering av teljepunkt i Kalfaret. I tillegg er det kjøpt

utstyr til fire nye teljepunkt, eit i kvar av kommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Framkometiltak sykkel

Mindre tiltak for å betre framkome for syklistar, for eksempel ved bruk av raud asfalt/ raudmerking i sykkel felt, senking av fortauskantar, skilting og oppmerking, m.m. på fylkesveg. I 2025 har det vore utført tiltak i Kringsjøvegen, etablering av prøvelfelt med raudt pleksidekke i Haukelandsveien og utført arbeid med prosjektering av tiltak over Torget (strakstiltak Christies gate). I tillegg er arbeid med å etablere sykkelprioritering i signalanlegg starta opp.

Bysykelordning

Bysykelordningen ble innført sommeren 2018 og har vært et viktig strategisk virkemiddel for økt sykling og fleksibilitet i kollektivtilbudet. Tilbudet har til nå vært finansiert med bidrag fra Bergen kommune, Miljøløftet, brukerbetaling og sponsorat.

I 2025 var det 299 565 turer, en nedgang på 102 281 turer (25,5 %) fra 2024. Det var 14.786 unike brukere i 2025, 2,29 % færre enn i 2024, da det var 15.132 unike brukere. Siden åpningen sommeren 2018 har det totalt vært gjennomført 4,469 millioner turer.

Vintertilbudet for vinteren 2024/2025 ble redusert av finansielle hensyn.

Totalt har bysykelordningen i Bergen 1000 bysykler og 105 stasjoner. Driftsavtalen er på 8 år og løper til mai 2026. Bergen kommune har startet et arbeid med evaluering og analyse av dagens ordning og eventuell fremtidig ordning.

I løpet av 2025 ble det utløst opsjon ut 2026-sesongen og vedtatt at det skal utredes et nytt tilbud av delte elsykler gjennom en ordning med tjenestekonsesjonskontrakt fra våren 2027.

Sykelbyen Bergen

Bergen er en del av det nasjonale Sykkelbynettverket, og målet er å øke sykkelandelen. Det har blitt benyttet virkemidler som kampanjer, markeringer og arrangementer, samt bruk av sosiale medier. Kommunikasjon gjennom Facebook med ca 9600 følgere er primærkanalen, i tillegg til Instagram med ca 1500 følgere. På Facebook er det 57% kvinner og 43% menn som følger siden.

Hovedaktiviteter har vært informasjon om nye tiltak for syklende som sykkelparkering, sykkelkap og sykkelveier, samt ulike kampanjer for sykling til jobb, kamper på Brann stadion og vintersykling.

Sykkelbyen Bergen gjennom Bymiljøetaten i Bergen kommune deltar i EU-prosjektet «Active Cities», som startet i 2022 og skal vare til 2026. Prosjektet skal fremme økt bruk av sykkel, gange, kollektiv og dele-mobilitet gjennom ulike tiltak og kampanjer. Bergen sitt mål er å øke bruken av den nye sykkelveien fra Fyllingsdalen til sentrum.

Sykkelskap

Sykkelskapene er låsbare og gir bergenserne et trygt sted å parkere. Det er nå ni ulike steder med sykkel-skap i Bergen, åtte i offentlig regi og en i privat (Lagunen) De offentlige skapene er i sentrum (fire steder), Landås (to steder), Indre Arna og Fyllingsdalen terminal. Nye lokasjoner i 2025 var Indre Arna (ti plasser) og AdO arena med ti plasser.

Bruken av skapene er økende og i 2025 ble de brukt 8327 ganger (en økning på 21,4 % fra 2024) av 1293 unike brukere. Gjennomsnittlig parkeringstid er litt under 3 timer.

Det er skap i både Bergen, Askøy, Alver og Bjørnafjorden kommune. Tallene er for hele Miljøløftet-området, hvorav størsteparten av bruken er i Bergen kommune.

Under prosjektering

Fv 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien, oppgradering av sykkelfelt/fartsputer

Strekninga skal oppgraderast og gateparkering fjernast. Tiltaket vil oppgradere haldeplassar, etablere fartsreducerande tiltak og stramme opp kryss. Tilbodet til syklande vert meir attraktivt og det vert auka trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Tiltaket blir koordinert med arbeid med uteområdet og etablering av «kiss & ride» ved Langhaugen vidaregåande skole. Prosjektering starta i 2022 og har halde fram til 2025. Styringsgruppa ga i desember 2025 aksept for auka kostnadsramme for å omfatte mellom anna nullutslepp i anleggsfase.

Fv 5190 Apeltunveien (strakstiltak)

Strakstiltak skal betre tilhøva for mjuke trafikantar (særskilt gåande). Tiltak som er aktuelle er vurdering av fartsgrense, belysning, oppgradering av kryssingspunkt og fortau, utbetring av sikt, skilting og utforming av avkøyrslar og kryss der det er mogleg utan reguleringsplan. Prosjektering starta opp i 2023 og har halde fram i 2025. Deler av tiltaket vart realisert i 2025.

Fv 5348 Klostergaten

Ei strekning på om lag 600 meter som inkluderer Haugeveien frå Haugesmauet, heile Klostergaten og Markeveien ned til Christian Michelsens gate skal

rustast opp for å gje betre høve for mjuke trafikantar. I Markeveien skal det gjerast enklare tiltak utan full gateopprusting for å gjere framkomen betre. Prosjektering starta opp i 2024 og har halde fram i 2025.

Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Allé–Wergeland)

Etablering av tilbod for gåande og syklande. Tiltaket vil også betre tilhøva for kollektivreisande. Det er planlagt sykkelveg med oppgraderte fortau, haldeplassar og kryssingspunkt for mjuke trafikantar frå Hagerupsvei til Wergeland. Tiltaket inneber at vegbane, rundkøyring og andre forhold for køyrande vert utbetra.

Planforslag vart oversendt kommunen i januar 2021. I 2024 vart planen oversendt for endeleg slutthandsaming og vart vedteken i bystyret i januar 2025. Planen vart stadfesta av Statsforvaltaren i oktober 2025. Prosjektering av tiltaket starta opp i 2025, men det er usikkerheit knytt til avklaring rundt vedteken lovlegkontroll av reguleringsplanen.

Paradis byggetrinn 2

Vidare utbygging og kopling mot tilgrensande tiltak i transformasjonsområdet på Paradis. Som ledd i den fortettande utbygginga av området skal eksisterande infrastruktur justerast og utvidast for å leggje til rette for gode og trafikksikre løysingar som bygger opp under nullvekstmålet. Behovet for tiltak vert forsterka av stor fortetting og utbygging i området. Tiltaket gir betre framkomme for mjuke trafikantar, men sikrar også lettare tilkomst til bybanen og kollektivtilbodet. I 2025 er det starta opp detaljprosjektering for den del av tiltaket som ikkje er omfatta av Tunvegenplanen, men som er omfatta av områdeplanen frå 2014.

Under planlegging

Oppfølging av handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune

Bergens sykkelstrategi ble vedtatt i 2020, med påfølgende handlingsplan i 2021. I handlingsplanen til sykkelstrategien er det lagt spesielt vekt på fysiske tiltak, som tilrettelegging av infrastruktur, sykkelparkering og dekkefornyng. Frem mot 2030 fortsetter arbeidet med å realisere fase 1 i sykkelstrategien.

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2025:

- **Damsgård–Småpudden:** Reguleringsplan som i all hovudsak detaljregulerer sykkelfelt i motbakke i Gyldenprisveien, samt mindre tiltak for å øke mobiliteten i nærområdet. Forslag til løysing er klar for politisk behandling.
- **Nymark øst:** Detaljprosjektering pågår for et nettverk av sykkelprioriterte gater. Forventet godkjent

- byggesak i 2026, med utbygging i 2027.
- **Lien–Småpudden:** Omhandler sykkelfelt, delesymboler og overflatebehandling av brostein. Intensjonen er å prioritere syklistar fra Gyldenprisvegen og frem til Småpudden. Prosjektet er under omarbeiding ettersom konsekvensene for parkeringssituasjonen ble for inngripende. Bestilt materiell er overført til Vestland fylkeskommune, og benyttet som del av oppgradering til røde sykkelfelt i Haukelandsveien i 2025.
- **Wiers-Jenssens vei:** Tilrettelegging for sykkel mellom Nattlandsveien og Hagerups vei gjennom Wiers-Jenssens vei og Vilhelm Bjerknes vei. I 2025 pågikk det arbeid med reguleringsplan.
- **Damsgårdsveien del 1:** Delesymboler og overflatebehandling av brostein skal gi prioritering av syklistar fra Michael Krohns gate i vest og frem til Småpudden. Sees i sammenheng med etablering av rullevennlig dekke på Fløttmannsplass ferdigstilt i 2025. Prosjektet etableres i 2026 når Bergen Vanns arbeider i Michael Krohns gate avsluttes. Krysset Michael Krohns gate/Damsgårdsveien vil etableres av private aktører.
- **Gabriel Tischendorfs vei–Frydenbølien:** Sykkelfelt, sykkelpassasje og delesymboler skal sikre prioritering av syklistar. Samtidig vil gående få eget areal hvor det i dag ikke er tilrettelegging. Prosjektet byggesaksbehandles per årsavslutning 2025.
- **Gange- og sykkeltiltak i Fyllingsdalen:** Utvidelse av eksisterende GS-veg/fortau i den kommunale veien Benshaugen. Prosjektet har godkjent byggesak og eiendomsforhold er løst. Oppstart av byggeprosjekt er planlagt våren 2026 og entreprenør er kontrahert.
- **Krohnåsvegen:** Det planlegges i 2026 for mindre tiltak for å bedre forholdene for skolebarn og trygghetssøkende syklistar innenfor eksisterende eiendomsforhold. Tiltakene sees i sammenheng med prosjektet Sykkelstamveg Bergen: Rådal–Nesttun.
- **Løbergsveien:** Tilrettelegging for sykkel i Løbergsveien. Mindre tiltak var planlagt utbygget i 2025. Etter en gjennomgang av konsekvenser for parkeringsdekningen er planlagte tiltak utsatt.

Oppfølging av handlingsplan for gange i Bergen kommune

Handlingsplan for gange i Bergen kommune blir fulgt opp gjennom to pottar i Miljøløftet: «Tiltak i handlingsplan for gange» og «Gangveier til kollektivtraseer». Tiltakene som finansieres gjennom disse pottene er i hovudsak forbindelser som gjør det mer effektivt å gå, der en korter ned på avstander til kollektivholderplasser, skoler og andre viktige målpunkt. Størrelsen

på tiltakene varierer, men de er i gjennomsnitt relativt små. Følgende tiltak var under planlegging i 2025 og bygging vil gjennomføres i 2026:

- Fra Helmers vei til Larsen vei, fra Gyldenprisveien til Strandlien og fra Nordre Skogveien til Lien
- Tre prosjekter på Laksevåg som omfatter større utbedring og bygging av nye forbindelser: Lille Damsgårdsveien– Kringsjøveien, Solheimslie– Skoglien og Solheimslie–Løvestakkveien
- Fra Hetlevikåsen til Vadmyrahallen
- Fra Gutenbergsveien til Persenbakken i Sandviken
- Fra Seimslia til Seimsheia i Indre Arna
- Fra Gerhard Grans vei til Slettebakken i Årstad
- Fra Tjørnhagen til Fjellaldalen på Bønes

Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg

Reguleringsplan for eit attraktivt tilbod til mjuke trafikantar. Strekinga har dårleg tilbod i dag, med smal felles gang- og sykkelveg. Planforslag blei oversendt kommunen i 2019. Planen vart delt i to i 2024 for å optimalisere framdrift. Justert planforslag, inkludert grep knytt til kostnads- og inngrepsreduering, har vore utarbeidd. Reguleringsplanen vart overlevert til slutthandsaming i 2025.

Fv. 564 Salhusvegen, Ulsetstemma–Slettestølvegen

Tiltaket er reguleringsplan for ny sykkelveg med fortau langs fv. 564/5300 Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen, som manglar tilbod i dag. Prosjektet vidarefører gang- og sykkelvegprosjektet på søraustleg del av Salhusvegen, som er ferdig etablert. Planen hadde formell oppstart i november 2018. Planutkast blei oversendt Bergen kommune i 2021. Merknadshandsaming og prosjektoptimalisering har gått føre i 2023 og 2024. I 2025 har planarbeidet halde fram, men det har vore prega av kapasitetsutfordringar.

Fv. 5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødes veg

Detaljplan for Tunvegen–Jacob Kjødes veg skal sikre at områdeplanen for Paradis sine regulerte samferdselsformål lèt seg gjennomføre. Omlegging av infrastruktur, nye gater, fortau, gang- og sykkelveg og nye leidningar til vann og avløp samt overvatn, krev meir areal enn områdeplanens regulerte samferdselsareal i anleggsfasen. Der det er samanfallande utbygging av tilstøytande byggeområde og infrastruktur, lar dette seg løyse gjennom avtalar og koordinering i byggefasen. I 2024 vart planutkast overlevert til slutthandsaming, men planen vart ikkje lagt fram for politisk slutthandsaming. Mindre justeringar på planutkastet har halde fram i 2025.

Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark

Tiltaket gjeld regulering av ny kryssløysing ved Tennebekk næringsområde. Det er trong for betre høve for mjuke trafikantar og auka trafikksikkerheit i kryss/avkørsel ved næringsområdet. Punktet er eit registrert ulukkespunkt, der det har skjedd alvorleg sykkelukke.

Grunnboringar er utført. Oppstartsmøte 26.02.21. Vedtak om formell planoppstart aug. 2021. Silingsrapport er utarbeidd. Planforslag er under utarbeiding.

Fv. 585 Natlandsveien sør, Wiers-Jenssens vei–Nye Sædalsveien

Fv. 585 Natlandsveien frå Hagerups vei til Birkelundstoppen skal regulerast. Strekinga er ei viktig kollektivåre og viktig for syklende, gåande og køyrande. Strekinga er ulukkesutsett, og er ikkje attraktiv for mjuke trafikantar. Bussane blir forseinka av kø. Kollektivhaldeplassar har behov for utbetring/ny lokalisering. Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. Planarbeidet er formelt starta opp og utarbeiding av planutkast har halde fram i 2025.

Fv. 5028 Kjøkkelvikegen, Fæsterhuset–Krabbedalen

Det skal regulerast for samanhengande, trafikksikkert gang- og sykkeltilbod langs Kjøkkelvikegen, mellom Kjøkkelvik skule og Fæsterhuset. Det manglar tilbod og strekinga er belasta med tunge køyretøy. Tiltaket vil føre til sikrere skuleveg og betre framkome, med haldeplassfasilitetar for kollektivtrafikken. Planutkast vart sendt til førstegongs handsaming i 2025. Det er teke avgjerd om at planen førebels blir regulert utan framtidig vassforsyning frå Bergen til Askøy.

Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen

Det skal regulerast eit oppgradert sykkelanlegg mellom Åsane terminal og Haukedalen skule. Hesthaugveien ved krysset til Midtkleiva er registrert ulukkespunkt og det skal m.a. etablerast venstresvingefelt for å betre framkomen for kollektivtrafikken og sikre kryssande fotgjengarar over Hesthaugveien. Planinitiativ, inkludert enkel stadanalyse, vart oversendt kommunen 13. des. 2022. Formelt planarbeid har halde fram i 2024 og 2025.

Fv.556 Fylkesvegkoblingar til sykkelstamveg, delstrekning 4, Gamlehaugen–Kristianborg

Fylkeskommunen har i 2025 arbeidd vidare med bidrag til løysingar for mjuke trafikantar på fylkesvegnettet som del av sykkelstamvegens delstrekning 4, på strekinga mellom Gamlehaugen og Kristiansborg, som blir planlagt i regi av Statens vegvesen.

Fv. 585 Haukelandsveien

Forprosjekt for heilskaplege løysingar for gåande, syklende og kollektivreisande frå Fløenbakken/Årstadveien i nord, til Ibsens gate/Idrettsveien i sør har vore under utarbeiding i 2024 og 2025. Det er krevjande å finne gode løysingar for alle trafikantgrupper då arealet er avgrensa. Forprosjektet kartlegg alternative løysingar og skal tilrå kva som skal vera den framtidige løysinga for dei ulike trafikantgruppene på strekinga. Det pågår arbeid med ein trafikmodell for å vurdere effektane av trafikale tiltak.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie–Rådal

Parsellen er 1,7 km, og går langs rv. 580 Flyplassvegen frå Skeie til Rådal. Prosjektet skal binde saman Kokstad og Sandsli med bydelssenteret Lagunen. Prosjektet var ikkje prioritert til bygging i Miljøløftets handlingsprogram i perioden 2025-2028, og er heller ikkje prioritert i handlingsprogrammet for 2026-2029. Planarbeidet vart gjenoppteke i slutten av 2024. I 2025 vart ulike linjealternativ langs rv. 580 Flyplassvegen vurdert, og trafikkanalysar som grunnlag for linjeval vart gjennomførte. Prosjektet skal i 2026 ferdigstille arbeidet med reguleringsplanen.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3a, Nesttun–Hop

Strekinga er ca. 2 km lang og følgjer Vossabanen frå Skjoldskiftet på Nesttun til Hop. Prosjektet vil betre trafiktryggleiken på strekinga ved å skilje gåande og syklende, og på den måten gi syklende betre framkome. Reguleringsplanforslaget vart oversendt Bergen kommune i oktober 2020, og lagd ut på høyring og offentleg ettersyn i oktober 2022, etter vedtak i Bergen kommune i juni 2022. I 2023 vart innspel og merknader til planforslaget behandla og arbeid med justeringar med planen starta. I 2024 og 2025 har det vore jobba med justeringar og avklaringar som følgje av behandling av merknadar til planforslaget, og planforslaget blir ferdigstilt til vedtaksbehandling i 2026.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3b, Hop–Fjøsanger

Strekinga er ca. 2,3 km lang. Prosjektet er klart for prosjektering og gjennomføring, og vart spelt inn til statsbudsjettet for 2026, men fekk ikkje tildeling.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger–Kristianborg

Tiltaket består i oppgradering av dagens delvis manglande tilbod frå Gamlehaugen på Fjøsanger til Kristianborg bybanestopp. Strekinga er ca. 1,7 km. Dagens tilbod har fleire ulukkesutsette punkt med mange

konfliktar mellom gåande, syklande og bilistar i bustadgater. Løysinga skal også inkludere ei formålstenleg og trafikksikker tilknytning mot hovudsykkelruta langs Straumeveien (fv. 556) i vest. Det vart levert utkast til silingsrapport i juni 2021. Etter mottekne uttalar til silingsrapporten vart det i 2022 vedteke å gå vidare med planlegging av forenkla løysing i den søre delen mellom Gamlehaugen og Kristianborgvannet, og fullverdig løysing i den nordre delen mellom Kristianborgvannet og bybanestoppet på Kristianborg.

Våren 2025 vart det vedteke å dele tiltaket i to utbyggingssjeks:

- Delstrekning 4a: Fjøsanger–Kristianborg
- Delstrekning 4b: Gang- og sykkelveg langs Kanalvegen


Oppdelinga i byggjetrinn blei gjort på bakgrunn av uvisse om omlegginga av Kanalveien. Planforslag for heile strekninga, inkludert tiltak på vestsida av E39 (som Vestland fylke planlegg), blir sendt over til Bergen kommune for behandling og utlegging til offentleg ettersyn første halvdel av 2026.

E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsanger/Solheimsgaten–Fabrikkgaten

Delstrekninga bind saman sykkelstamvegen over Mindemyren med eksisterande tilbod langs Solheimsgaten på vestsida av E39. Tiltaket består av kryssing av E39 i plan med prioritering for syklande. Lengda er om lag 400 meter langs E39 Fjøsangervegen. Endring av løysing har medført behov for ny oppstart av offentlig detaljreguleringsplan, gjennomført haust 2022, parallelt med igangverande planarbeid. Planarbeidet inkluderer også ei strekning på om lag 100 meter langs fv. 5328 Fabrikkgaten. I utføringsfasen blir det planlagt for at riksvegtilbodet langs E39 blir bygd først. I slutten av 2024 vart planforslag oversendt kommunen for førstegongs behandling. Seinsommaren 2025 vart planforslaget lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. I etterkant av høyringa har det vore jobba med justeringar og avklaringar som følgje av merknadsbehandling. Planforslaget blir ferdigstilt og sendt over til Bergen kommune for vedtak av plan i 2026.

Satsingsområde: Gange og sykkel

Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden



Alver

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt Knarvikplanen, gang- og sykkelveg

Det blå Geco-bygget ligg sentralt i kommunesenteret og i dette området blir det etablert store leilegheitsbygg og eit større forretningslokale. Rundt og gjennom dette utbyggingskomplekset skal det byggast omfattande anlegg for mjuke trafikantar, med gang- og sykkelveg og fortau. Dei ulike prosjekta er eit offentleg-privat samarbeid med grunnlag i Knarvikplanen. Det samla prosjektet vil gjere det enklare og meir trafikksikkert å bevege seg til fots og med sykkel i Knarvik, både internt, til bussterminal og til snøggåbåten til og frå Bergen. Delar av prosjektet starta i 2023 og det er forventa ferdig i 2026.

Fv. 5308 Utbetring av Sagstadvegen

Ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg/fortau og ny busshaldeplass på strekninga mellom rundkøyring ved Frekhaug senter med sin kollektivsentral og Sagstad skule, inkludert det store idrettsanlegget på Sagstad. Tiltaket vart ferdigstilte med formell opning hausten 2025.

Trygg sykkelparkering

Søre delen av Alver kommune er ideell for el-sykling, med sine kuperte vegtrasear. Likevel har uvilje mot å setje frå seg kostbare el-syklar i enkle sykkelskap vist seg som ein hemske for bruken. I samarbeid med Miljøløftet og fylkeskommunen har difor Alver nytta belønningmidlar til innkjøp av tre sett med sykkelboksar med låsing via app. Desse er utplassert på Knarvik terminal, på Knarvik-kaien og på Frekhaug terminal. I 2025 har vi utvida tilbodet med sykkelboksar på Flatøy terminal og nye sykkelbøylar på Knarvik terminal. Bruken framover vil avgjere om tilbodet skal aukast både i omfang og til nye stader.

Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau

Prosjektet omfattar etablering av ca. 120 meter fortau som i dag manglar langs fv. 565 i Manger sentrum, ved innkørselen mot Rema 1000. Prosjektet gjer det enklare for gåande og syklende å ferdast på Manger og gir ein etterlengta samanheng i transportsystemet for mjuke trafikantar. Kryssing fram og tilbake over fylkesvegen blir unngått med prosjektet, noko som gir enklare tilkomst til og frå busstopp, og det inngår i ei framtidig utbygging av ny kollektivterminal på Manger. Prosjektet starta opp i 2025 og vil bli ferdigstilte i 2026.

Under prosjektering

Fv 5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering

Det skal etablerast ny infrastruktur med fortau og sanering av avkøyrslar mellom eksisterande fortau fram

til krysset til Hillesvåg, forbi kollektivterminal og mot bustadområde mot Kleivdalsvegen og Apalen. Dette er i dag ei smal strekning der manglande fortau fører til at mange ungar ikkje får lov til å gå eller sykle. Prosjektering og grunnerv starta i 2023. Forberedande arbeid er ferdig.

Fv 5458 Ostereidet Lindsdalen, fortau

Etablering av fortau langs bratt fylkesveg mellom Ostereidet Senter og kommunal veg til Ostereidet skule. Strekinga har ikkje tilbod til mjuke trafikantar i dag, og blir opplevd som utrygg å ferdast langs. Det nye tilbodet blir kopla i ei midlertidig gangløyning opp mot senterområdet. Forberedande arbeid er ferdig.

Under planlegging

Fv. 5474 Seim

Streking på om lag 700 meter frå Seim skule til og med kryss til kommunal veg 1109 Fureberget. Det blir planlagt å etablere ny trafikksikker infrastruktur med fortau, busshaldeplassar og sanering av avkøyrslar for å sikre samanhengande og trafiktrygt tilbod for mjuke trafikantar gjennom bygda. Særleg til/frå skulen, men også for å binde saman dei ulike bustadområda på Seim. Formelt planarbeid starta opp i 2025.

Fv. 5452 Hillesvåg–Apalen

Etablering av ny trafikksikker infrastruktur med gang- og sykkelveg langs smal og særleg trafikfarleg skuleveg som i dag er heilt utan tilbod til mjuke trafikantar. Vegstrekket på om lag 600 meter er også del av omkøyring for E39. Arbeid med reguleringsplan starta opp hausten 2025.

Askøy

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt Gang- og sykkelveg i Kvernhusdalen

Det er bygget gang- og sykkelveg i Kvernhusdalen. Strekingen er del av hovednettet for sykkel, og er skoleveg til Kleppe barneskule. Den åpnet i september 2024, og ferdig regnskap ble levert i 2025.

Fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane

Det er etablert ny infrastruktur til Kleppstø barne- skole, Kleppstø ungdomsskole, Askøy vidaregåande skole, Askøyhallen og Helsetunet. Det er etablert rundkøyring, ny gang- og sykkelveg/fortau, bussholdeplass og «kiss and ride». Prosjektet åpnet i august 2025.

Oppfølging av sykkelstrategi

I juni 2022 ble Sykkelstrategi for Askøy kommune med handlingsdel vedtatt i kommunestyret. Tiltak i hand-

lingsdelen er blant annet trygg sykkelparkering og utredning av mulighet for utleie av elektriske sykler. I 2024 ble det etablert 32 trygge sykkelparkeringer på Myrane og Kleppestø. Bruken av sykkelparkeringene er kartlagt gjennom hele 2025, og vil brukes som kunnskapsgrunnlag for å vurdere utvidelse av tilbudet. Askøy kommune avventer Bergen kommune sin innstilling til ny bysykkelordning, før en vurderer bysykler på Askøy. Det har også blitt gjennomført europeisk mobilitetsuke som en del av det holdningssskapende arbeidet.

Det er igangsatt arbeid med forskrift for mindre elektriske kjøretøy (elsparkesykler og elsykler). Forskriften forventes ferdig i 2026, og vil være et utgangspunkt for videre arbeid med mikromobilitet i Askøy kommune.

Planleggingsmidler

Planleggingsmidlene til Askøy kommune brukes til utvikling av nye prosjekter og oppfølging av prosjekter i vedtatt handlingsprogram, samt annet arbeid i Miljøløftet og arbeidsgruppe vest. I 2025 ble det brukt midler til å utarbeide trafikkanalyse for Askøy kommune og mobilitetsplan for Kleppestø. Begge dokumentene vil være et kunnskapsgrunnlag i arbeidet med nye prosjekter og plan 213 – Kleppestø sentrum – områderegulering – reguleringsendring. Askøy kommune har bidratt i arbeidet med byutredningen, både som deltakere i prosjektgruppen og i arbeidet med arealdataverktøyet.

Det er også jobbet generelt med gange og sykkel i planleggingsarbeid og kommunikasjonsarbeid. Samkjøringsprosjektet er videreført i 2025 i samarbeid med Skyss og Øygarden kommune.

Under prosjektering

Fv. 5264 Nordre Hauglandsveg

I 2025 fortsatte arbeidet med prosjektering av gang- og sykkelveg i Nordre Hauglandsveg, ca. 400 meter fra Kjerrgardskrysset. Strekningen mangler løsninger for myke trafikanter, er definert som farlig skoleveg og har i dag helårs skoleskys.

Under planlegging

Kv. 1156 Skarholmvegen

Prosjektet er vedtatt i gjeldende handlingsprogram, men er nå endret og nedskalert. Det nedskalerte prosjektet tar for seg strekningen som i dag er helt uten tilbud til myke trafikanter, og vil bli utbedret med gang- og sykkelveg tilsvarende dagens standard på tilsluttende veg. Strekningen reduseres fra 1,4 km til 315 meter, og gjennomføres som et tiltak uten reguleringsplan. Det er et stort potensial for å øke andelen gående

og syklende mellom to folkerike områder, Strusshamn og Kleppestø. Tiltaket vil også være positivt for innbyggernes tilgjengelighet til kollektivknutepunktet på Kleppestø. I 2025 er det jobbet med endringen av prosjektet.

Fv. 5256 Erdalsvegen

Etablering av gang- og sykkelveg langs deler av Erdalsvegen, fra krysset ved Erdal ungdomsskole til kryss ved Storebotn industriområde. Lengde er omtrent 1,5 km. Strekningen er uten tilbud for gående og syklende og oppleves som utrygg. Vegen knytter sammen øst- og vestsiden av Askøy, Erdal og Haugland/Ravnanger, og vil ha potensiale for å øke gang- og sykkelandelen. I 2025 er det arbeidet videre med reguleringsplanen.

Kv. 1212 Kollevågvegen (Tveit–Ravnanger)

Gang- og sykkelveg fra Tveit skole til Ravnanger, rundt Tveiteneset, ca. 1,5 km. Strekningen er innenfor 650 meter til lokalsenteret Ravnanger og del av vedtatt lokalnett for sykkel. I dag er det ikke tilbud til myke trafikanter på store deler av strekningen.

Fortau langs Erdalsvegen

Etablering av tre korte strekk med fortau langs Erdalsvegen ved Erdal barneskole, idrettsplass og ungdomsskole, der det i dag ikke eksisterer tilbud til myke trafikanter.

Bjørnafjorden

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt

Fv. 552 Hatvikvegen

Prosjektet gjeld etablering av trafikk sikker og attraktivt gang- og sykkelløysing langs Hatvikvegen. Føremålet med prosjektet er å auke trafikktryggleiken på vegen, som har ein kontinuerleg trafikkvekst. Anleggsarbeida starta opp i mars 2024 og har halde fram i 2025.

Åsen–Helleskaret

Det er etablert gang- og sykkelforbindelse mellom Lysefjorden senter og Endelausmarka. Lysefjorden er det nest største vekstområdet i kommunen og nye bustadområde ligg langs denne vegen. Prosjektet starta opp med finansiering utanfor Miljøløftet. Staten yter tilskot gjennom Miljøløftet i 2025. Tiltaket opna for trafikk i august 2025.

Lepsøyvegen (Trolldalen) – trygg GS-løysing

Prosjektet i Trolldalen opna 11. april. Dette var eit lite, men komplekst prosjekt, som sikrar samanhengande fortau frå Lepsøyvegen til Nilsavegen. Byggefasen var frå 17. oktober 2024 til 11. april 2025.



På Straume har det blitt etablert sentrumsgate i Grønamyrvegen. Foto: Are Mjøs.



Myrane på Askøy har fått bedre infrastruktur. Foto: Dag Folkestad.



Arbeid pågår i Hatvikvegen i Bjørnafjorden. Foto: Anders Kjetland.



Forlenging av fortau ved Manger kyrkje.
Foto: Kenneth Hermansen



Etablering av gang- og sykkelveg Åsen-Helleskaret i Bjørnafjorden. Foto: Silje Alvsaker.

Under planlegging

Hauge–Osøyro

Prosjektet gjeld etablering av trafiksikker og attraktiv gang- og sykkelløysing langs Hatvikvegen og utbetring av kryssområde som premiss for utbygging og fortetting. Arbeid med reguleringsplan starta opp i 2025.

Øygarden

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt

Grønamyrvegen

Prosjektet starta opp 3. mai 2024 og vart ferdigstilt tidleg november 2025.

Sykkelparkering i regionsenteret

Oktober 2025 blei det etablert sju nye plassar for sykkelparkering ved kollektivterminalen på Straume.

Trafikkanalyse for regionsenter Straume

Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport vart levert i februar 2025.

Under prosjektering

Skogskiftet senterområde

Etablering av samanhengande gang- og sykkelveg og utbetring av kryss ved kommunedelsenteret, inkludert ombygging av tre T-kryss til rundkøyringar. Tiltaket styrker kommunedelsenteret ved å leggje betre til rette for mjuke trafikantar og opne for fortetting av bustader og sentrumsfunksjonar. Arbeid med prosjektering og grunnverv starta opp ved årsskiftet 2023/2024. Grunnboringar og avskoging er utført i 2024. Konkurransegrunnlag er utarbeidd i 2025.

Under planlegging

Ågotnes miljøgate – planleggingsmidlar.

Reguleringsplan for miljøgate på Ågotnes var oppe til sluttbehandling i oktober 2025.

Planleggingsmidlar Fv. 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen

Planleggingsmidlar til områdeplan for Straume sentrum nord. Omfattar mellom anna nye sentrumsgater, kollektivterminal og ny vidaregåande skule.

Satsingsområde: Kollektiv

Miljøløftet jobbar for at det skal bli meir attraktivt å reise kollektivt i Bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i kollektiv infrastruktur, tilskot til drift av kollektivtransport og andre tiltak som fremjar kollektivbruk.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2025. Lista er sortert etter prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport

Samla for heile 2025 er det nytta om lag 381 millionar kroner i belønningsmidlar til drift av kollektivtransport. I all hovudsak er desse midlane knytt til å vidareføre tiltak frå tidlegare år. Driftstiltak sett i verk eitt år, vil medføre årleg kostnad kvart år ut avtaleperioden. Bruken av midlane i 2025 fordeler seg slik:

- Vidareføring av iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen (260 mill.)
- Styrking og omlegging av linjenett i Bergen (57 mill.)
- Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet (16 mill.)
- Styrking i Bergen sentrum linje 11 (1 mill.)
- Etablering av regionstamlinje Bergen–Bjørnafjorden (7 mill.)
- Nullutsleppsbat Bergen–Askøy og Bergen–Alver (20 mill.)
- Styrka rutetilbud og bestillingstransport Askøy (15 mill.)
- Kommunikasjonstiltak – korleis få fleire til å reise kollektivt? (1 mill.)
- Samkøyring Askøy og Øygarden (4 mill.)

Største tiltakspakke i 2025 var utvikling av kollektivtilbodet knytt til Askøy. I januar 2025 la Skyss om heile buss- og båttilbodet med eit styrka båtsamband og ein regionstamlinjemodell med færre, tydelegare linjer og høgare frekvens. Båtruta fekk tettare avgangar i rushtida gjennom bruk av to båtar, medan bussnettet vart bygd opp rundt hovudlinje 400 mellom Ravnanger, Kleppstø og Bergen og ei rushlinje 410 via Juvik. Lokale linjer matar no til Ravnanger i nord og Kleppstø i sør, i eit system der fleire må byte, men som gir fleire avgangar der grunnlaget er størst. Bestillingstilbod vart oppretta i Kleppstø-området og nord på Askøy. Tiltaka er framleis under evaluering, og det blir gjort justeringar

også i 2026. Frå tidleg 2026 blir båtsambandet heilelektrisk, etter ei forseinking av leveransen av nye båtar.

Nye tiltak vart også sett i verk knytt til den årlege ruteendringa, etter dialog med kommunane om dette. Det vart prioritert å styrke hovudinnfartsårene frå nord, sør og vest som har hatt sterk vekst, i tillegg til viktige sentrumslinjer med kapasitetsutfordringar. For Øygarden, Alver og Bjørnafjorden vart dermed stamlinjene inn til Bergen styrka. I Bergen kommune vart linje 12 og 16E styrka med fleire avgangar.

Tilskot til reduserte billettprisar

I 2025 blei det nytta 60,4 millionar til å oppretthalde redusert pris på periodebillettar.

Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter for bybanen og trolleybuss

I 2025 blei det brukt 45 millionar til vedlikeholdstiltak av investeringskarakter for bybanen og trolleybuss. Dei største kostnadane er knytt til:

- Utskifting av master for trolleybuss
- Midtlivsoppdatering av bybanevogner
- Vekselarbeidi i Byparken og Wigandgården
- Betongrehabilitering på gamle Nygård bybanebro
- Oppgradering av leskur
- Oppgradering av Efacec system

Tilskot til betre kollektiv

Styringsgruppa i Miljøløftet har slutta seg til at bruk av post-66 midlane «Tilskot til betre kollektivtilbod» blir nytta til bybanen for resten av avtaleperioden. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingsåret. For 2025 er det brukt 118,6 millionar kroner slik:

- KDP Vest, støtte til planlegging (11,6 mill.)
- Vedlikehald av bybanevogner og infrastruktur (35,0 mill.)
- Arbeid med å planlegge/gjennomføre innkjøp av vognmateriell (7,3 mill.)
- Straksinnløyising sykkelveg (3,1 mill.)
- Gangtilkomst til bybanehaldeplassar (0,6 mill.)
- Redusert uttak av bompengar (61,0 mill.)

Oppgradering av haldeplassar

Haldeplassar blir oppgradert etter strekningsvise utgreiningar. I 2025 har 24 haldeplassar blitt oppgradert/etablert under denne posten. Oppgradering av haldeplassar hever standarden på kollektivtrafikken, gir tilgjenge

for alle (universell utforming), styrker trafikktryggleiken og gir ei meir effektiv inn- og utkøyning for busstrafikken. Det er kontinuerleg prosjektering og bygging på posten. Haldeplass i Breivikdalen-Drotningstveitvegen sto ferdig våren 2025. I tillegg er haldeplassar oppgraderte i Sædalen/Sandalsringen, Steinsviken og i Fleslandsveien. Det er også etablert haldeplassar som del av prosjekt i Kleppevegen ved Myrane, Sagstadvegen og Åsen-Helleskaret. Haldeplassar ved Sletten senter bybanestopp er og inkludert på denne posten.

Fv 5322 Haldeplassar ved Sletten senter bybanestopp

Tiltaket ved Sletten senter omfattar utbetring av eksisterande busstopp langs bybanen (retning nord) og flytting av eksisterande kantstopp (retning sør). Det eksisterande busstoppet langs bybanen har i dag av-/påstiging på eit smalt fortausareal midt mellom vegbanen og bybanesporet. Busstoppet betener svært mange reisande. Dette fører til at personar vert pressa ut i skinnesporet når bybanen kjem til haldeplassen «Sletten». Areal til av- og påstiging vert auka. Tiltaket har vore under realisering i 2025.

Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak

Tiltak i kollektivtraséar, hovudsakleg etter strekningsvise utredningar. Tiltaka betrar ofte framkome og aukar trafikktryggleiken knytt til kollektivtransporten. I 2025 har mindre framkometiltak som rydding og reinsk av sidekantar samt utviding av kurve for å gje betre sikt, etablere møteplassar, etc. i Eidsvågvegen vore under realisering. Handikapp-lomme og ny parkeringsplass er etablert. Tiltak i tråd med skiltplan, hovudsakleg med parkeringsforbod, er etablert. Det er samstundes bygd intensivbelysning for gangfelt.

Sentrums- og knutepunktsutvikling i Bergen – oppstartsmidlar

Formålet med prosjektet er å følge opp og legge til rette for gjennomføring av vedtatt sentrums- og knutepunktsutvikling. Føringer på posten i 2025 er knytt til tiltak på fylkesveg i samband med utbygging på Kristiansholm.

Under planlegging

Bybanen til Åsane

Stortinget vedtok Nasjonal transportplan 2025–2036 i juni 2024. Der er det er prioritert eit statleg bidrag på 70 prosent til Bybanen til Åsane, men det blir lagt til grunn at midlane ikkje blir løyva gjennom statsbudsjettet før det er einigheit om trasé gjennom sentrum. Dei lokale partane gjekk derfor saman om eit kompromissforslag basert på tunnelutgreiinga frå 2021, under føresetnad av at risikoen i prosjektet blir redusert til eit akseptabelt nivå knytt til kulturminne, grunnvatn og kostnader. I tillegg skal ein leggje til rette for ein underjordisk haldeplass ved Sverresborg.

Arbeidet med reguleringsplan for traséen gjennom sentrum er godt i gang og er berekna ferdigstilt våren 2027. Reguleringsplanen legg til grunn bystyrevedtak 02.10.2024, med bybanetrasé frå Kaigaten, gjennom Christies gate, Allehelgens gate, tunnelinnslag i Heggebakken, utslag ved Slakthustomten, Sjøgaten, Sandviksvegen og påkopling til vedtatt plan i området ved Sandviken sjukehus, med underjordisk haldeplass ved Sverresborg. I tillegg blir det arbeidd med eigen reguleringsplan for ein samanhengande gang- og sykkeltrasé frå Kaigaten til Sandviken.

Loddefjord terminal

I 2025 har det blitt arbeidd med forprosjekt for å avklare ny utforming av terminalen og nytt køyremønster for å auke kapasiteten og gi betre framkome for kollektivtrafikken. Forprosjektet omhandlar også gjennomgåande løysing for gåande og syklande. Syklande manglar tilbod gjennom området.

Satsingsområde: Innfartsparkering

Miljøøftet jobbar ut frå ein felles strategi for innfartsparkering i Bergensområdet. Målsetjinga er at innfartsparkering skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida når kø, luftforureining og støy er som mest utfordrande.

Prosjektlista under viser prosjekt på innfartsparkering i 2025. Merk at tiltaka også kan bidra til måloppnåing for andre satsingsområde.

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt Innfartsparkering Ågotnes

Den 25. mars vart ny innfartsparkering ved kollektivterminalen på Ågotnes offisielt opna. Det er etablert 161 plassar der fem plassar er tilpassa for HC-parkering og 20 plassar blir tilrettelagt for framtidig elbillading.


Under planlegging

Innfartsparkeringsanlegg i Løfjellet

Innfartsparkering i fjellhall med gangtunnel til kollektivterminal og hurtigbåtsamband mellom Askøy og Bergen. Del av utviklinga av Kleppestø, der dagens areal for innfartsparkering blir fjerna til fordel for nye bustader og næringsareal. Parkeringsanlegget skal nyttast som innfartsparkering, bebuarparkering og parkering knytt til sentrumsfunksjonar, og blir også planlagt som tilfluktsrom. Utforming og finansiering av tiltaket er ikkje avgjort, og det er derfor førebels usikkert når eventuell realisering av tiltaket kan skje.

Innfartsparkering Ravnanger

Prosjektet legg til rette for å etablere ny innfartsparkering tett på ny kollektivterminal på Ravnanger, langs Kollevågvegen. Lokalsenteret Ravnanger er eit kollektivknutepunkt sentralt på Askøy. Vestland fylkeskommune er i gang med å regulere for ny kollektivterminal. Som følgje av dette må dagens innfartsparkering bli erstatta.



Innfartsparkering i Ågotnes opna i 2025. Foto: Vigeik Brekke.

Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon

Miljøløftet arbeider for ein overgang til fossilfrie løysingar for kollektivtrafikken og for å ta i bruk miljøvennleg teknologi og innovasjon for meir effektiv drift og betre utnytting av eksisterande infrastruktur.

Konkrete prosjekt innan satsingsområdet er lista nedanfor. I tillegg arbeider partane i Miljøløftet med utvikling av miljøvennleg teknologi og innovasjon som del av andre prosjekt og driftsoppgåver som ikkje går fram av lista nedanfor.

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt **Oppgradering av signalanlegg og ASP**

Aktiv signalprioritering (ASP) av buss gir kollektivtrafikken auka prioritet gjennom lyskryss. Prioriteringa skjer ved at sanntidssystem i bussane kommuniserer med signalanlegg på strekninga. Løysinga er allereie implementert i enkelte signalanlegg i fylket med gode resultat. Tiltaket går ut på å oppgradere signalanlegga i fylket så dei er kan bli brukt saman med både ASP-systemet, men også andre former for ITS (Intelligente transport system).


I tillegg blir anlegga sine akustiske signal (blindesummarar) oppgradert, slik at desse er i tråd med dagens krav til universell utforming. Formålet er både at bussane skal sikrast betre framkome gjennom kortare køyretid og å gjere busstrafikken meir føreseieleg i høve til rute-tidene. Saman med kortare reisetid blir kollektivtrafikken sin konkurransekraft og attraktivitet styrka. Det er eit mål at oppgraderingane gir meir driftssikre signalanlegg, som er mindre utsett for feil og avvikssituasjonar.

Program for teljing og analyse av fotgjengarstrømmer og åtfærd

Teljeprogrammet har kartlagt fotgjengarvolum i 40 ulike snitt i Bergen sentrum i 2025. I tillegg er det etablert opplegg for å gjennomføre detaljerte videoanalysar av fotgjengaråtfærd ved bruk av kunstig intelligens, og det er analysert om lag 600 timar videomateriale frå 50 ulike punkt.


Tiltak utanfor satsingsområde

Trafikktryggleik Bergen



Tiltak utanfor satsingsområde

Standardheving med vedlikeholdskarakter, fylkesveg



Tiltak utanfor satsingsområde

Partane i Miljøløftet jobbar også med tiltak som ikkje sorterer direkte under dei fire satsingsområda, men som like fullt er forankra i og bidreg til nullvekstmålet.

Dette kapittelet er sortert etter dei to pottane Trafikktryggleik Bergen og Standardheving av vedlikeholdskarakter på fylkesveg.

Trafikktryggleik Bergen

Arbeidet med trafikktryggleik i Miljøløftet har som mål å få færre drepne og skadde i trafikken i Bergensområdet. I dette arbeidet blir tiltak retta mot gåande og syklende prioritert, der tiltak på skuleveg er spesielt vektlagt.

Påbyrja eller ferdigstilte prosjekt

Fv. 5208 Kjøkkelvikvegen og Skålevikveien 1

Kortsiktige tiltak blei gjennomført i 2023. Fartsdempande tiltak mellom Kjøkkelvik skole og Festerbanen. Sikring av eksisterande og nye kryssingspunkt, fartsdempande tiltak, belysning av gangfelt. Omfang av strakstiltak langs Kjøkkelvikvegen er avklart opp mot reguleringsplanarbeid på same strekning. Prosjektet hadde sluttkostnader i 2025.

Fv. 546 Fanavegen ved Stend VGS 1

Tiltak mot villkryssing basert på rapport med anbefaling om trafikktryggleikstiltak. Nye gangfelt, nytt fortausareal, nedsett fartsgrense og kollektivvenleg fartsdemping. Prosjektet hadde sluttkostnader i 2025.

Fv. 0556 Ytrebygdsvegen - oppgradering gangfelt 1

Supplerande tiltak ved gangfelt ved Storesåta: veglys, fartsdemping, justeringar av sideareal.

Fv. 5202 Vadmyrveien 1

Oppgradering av veglys, forsterka lys ved gangfelt.

Fv. 5306 Morvikvegen (Viddalen- Slettestølen) 1

Oppgradering av armatur på 3,5 km lang strekning, intensivbelysning av åtte gangfelt, enkle trafikksikrings tiltak og etablering av fartsputer. Tiltak er gjennomførte og koordinerte med Bergen kommune sitt arbeid med utskifting av infrastruktur og avløpssanering på strekninga.

Hjellestadveien (mindre trafikktryggleikstiltak) 1

Intensivlys i tre gangfelt mellom Blomsterdalen og Ådlandstraumen, samt fartsdempande tiltak (fartsputer) på fleire punkt.

Fv. 546 Krokeidevegen 1

Oppgradering av eksisterande kryssingspunkt, med fartsputer før og etter kryssingspunkt og intensivlys. Sluttkostnader er venta i 2026.

Fv5304 Flaktveitvegen 1

Etablering av rekkverk på strekning med stup.

Fv. 5186 Steinsvikvegen 1

Justering av busshaldeplassar på strekninga mellom Steinsviken og Dolvikvegen.

Fv. 5182 (177) Fleslandsveien 1

Belysning i gangfelt i dagens tilrettelagte kryssing nær krysset ved Espehaugen for å sikre tilstrekkeleg fri sikt mot vest.

Fv. 578 Eidsvågveien 1

Forsterka/intensivlys i gangfelta mellom Eidsvågsneset og Eidsvåg. Tiltaket er gjennomført parallelt med framkometiltak for kollektiv. Det er etablert HC-parkering og parkeringsplass på Lønborg.

Sanddalsringen 1

Sikring av kryssingspunkt, fartsdempande tiltak og belysning av gangfelt.

Fv. 582 Nesttunvegen 1

Tiltak i gangfelt ved nr. 111. Betre lys, siktforhold, justering av fartsdemping og utbetring av parkeringslommen ved torget.

Fv. 5304 Flaktveitsvingane 1

Fartsdemping ved Kolåshøyen og eventuelt utbetring av belysning.

Under prosjektering

Fv. 5192 Totlandsveien 1

Fartsgrensevurdering og fartsdempande tiltak ved Ulsmåg skule og Midtun, og nytt gangfelt ved gamle Hardangerveien blei gjennomført i 2021/2022. Vurde-

ringar for å avklare forhold rundt tilknytt fortau har gått føre seg i 2024 og 2025. Realisering av fortau er avhengig av formell godkjenning frå planmynde.

Fv. 5356 Ådnamarka skulekrets

Sikring av skuleveg, tilrettelegging i kryssingspunkt, nytt fortau og justering av avkøyrsløse på Arnatveit, tilrettelegging av haldeplassar, kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak og universell utforming. Del 1 blei realisert i 2023. I 2024 og 2025 har det gått føre avklaringar av supplerande tiltak.

Fv. 0558 Lyderhornsveien

Signalregulering av gangfelt ved Laksevågshallen. Endring av skuleskyss/ruteomlegging fører til meir bruk av gangfeltet. Dagens gangbru blir omveg, tilfredsstillende ikkje universell utforming og vert vurdert fjerna. Realisering har måtte vente på ferdigstilling av oppgradering i Damsgårdstunnelen.

Fv. 5294 Ekrevegen/Reinane

Sikring av kryssingspunkt for mjuke trafikantar ved Reinane i Indre Arna, på skuleveg for elevar frå Mjeldheim til Ådnamarka skule. Fartsdempande tiltak og veglys. Realisering av tiltaket vil vere avhengig av minneleg avtale.

Fv. 585 Nattlandsveien–Nattlandsfj.–Mannsverk

Strakstiltak. Forskingsprosjekt med varsling av syklistar inn mot kryssområde. Løysingar for kryssutforming, horisontalgeometri, sikt, veglys, mm. blir vurdert.

Fv. 5206 Gravdalsveien

Etablering av nytt gangfelt ved krysset ved Sjøkrigsskoleveien og tilrettelagt kryssingspunkt ved Wallemsskogen. Ombygging av haldeplassar. Prosjektering starta opp i 2024 og har halde fram i 2025.

Fv. 5358 Øvre Fyllingsveien v/Møllergården og fv. 540 Fyllingsdalsveien

Behov for betre tilrettelegging for fotgjengarar, mellom anna å sikra kryssingstilbod. Ny kryssløysing ved påkøyring til Øvre Fyllingsvei, og oppstramming av kryss og avkøyrsløse.

Fv. 5348 Solheimsgaten

Oppgradering av sykkelkryssing ved Helsehuset med grunnlag i risikovurdering frå 2019.

Fv. 578 Helleveien

Intensivlys på gangfelta frå Hellen skule til Fagerdalen/Lønborg og etablering av rekkverk og universell utforming.

Hardangerveien

Tiltaket omfattar oppgradering av fleire gangfelt med intensivlys og universell utforming samt oppgradering av eit par busshaldeplassar. Gjennomføring er avhengig av minneleg avtale, som til no ikkje ligg føre.

Standardheving med vedlikehaldskarakter

Arbeidet med standardheving av vedlikehaldskarakter skal bidra til å halde fylkesvegnettet tenleg, trygt og effektivt. Midla går til tyngre vedlikehald som ikkje kan bli finansiert over vanlege driftsbudsjett. Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2025.

Fv. 552 Bøtre bru, Hatvikvegen

I samband med etablering av Miljøløftet-prosjektet i Hatvikvegen skal Bøtre bru bli oppgradert. Anleggsarbeidet starta opp i 2024 og har halde fram i 2025.

Hansaparken bru

Brua er i svært dårleg forfatning og må bli utbetra. Brua er viktig for å sikre framkome for alle trafikantgrupper, mellom anna rutegåande buss. Tiltaket starta opp i januar 2025.

Oppgradering av veg ved Sædalselven

Det er stort behov for tiltak då strekninga er utsett ved flaum, noko som gir store utfordringar for alle trafikantgrupper. Det ligg føre vedteken områdeplan frå 2020 der strekninga inngår. Prosjektering og førebunde arbeid har halde fram i 2025.

Rekkverk Kringsjøvegen

Dårleg gjerde/rekkverk på strekning over høg mur skal skiftast ut langs fortau mot gravplassen på Laksevåg. Det er høgt utfor muren, og det er kome mange bekymringsmeldingar, då det er mange skulebarn som ferdast på strekninga. Tiltaket vart realisert i 2025.

Fv. 587 Grimesvingane – strakstiltak

Arbeid med prosjektering og vurdering av vidare handtering, på bakgrunn av utarbeida forprosjekt, starta opp i 2023 og har halde fram til 2025.

Fv. 560 Søre Fjellaveien

Framkome for kollektivtrafikk og anna køyretøy er betra ved uoversiktlege svingar på Søre Fjellaveien. Det er tidlegare etablert 150 meter med nytt fortau og ei busslomme er oppgradert. Rekneskapsføringar i 2025 er knytt til sluttoppgradering.

Handtering av overvatn 1

Det er utført tiltak over driftskontraktane for å betre framkome for mjuke trafikantar. Tiltaka er knytte til handtering av overvatn, drenering o.l., mellom anna på fv. 573 Hjellestadvegen.

Justering av fartshumpar 1

I 2025 er fartshumpar justert i Breiviksdalen, Drotningvik.

Rekkverk 1

I 2025 er det etablert betongrekkverk i Eidsvågvegen.

Sandvikstorget – Glass Knag 1

Tiltak blir realisert i regi av Statens vegvesen. Rekneskap hos fylket i 2024 og 2025 er knytt til grunnerverv.

Fv. 587 Søylen Sundsbrua 1

Søylen Sundsbrua på Hardangervegen har snart nådd si estimerte levetid (2030) og har større skadar. Brua er særst viktig for å oppretthalde framkome og redusere sårbarheit i trafikkavviklinga i Bergen. Ny bru vil inkludere tilbod for gåande og syklande, sikre framkome for kollektivtrafikk og anna transport. Grunnboring er utført. For å sikre naudsynt areal vart det i 2022 starta arbeid med formell reguleringsplan. Utarbeiding av planforslag har halde fram sidan oppstart, men i 2024 vart det inngått minneleg avtale og prosess for byggesakshandsaming starta opp. Prosjekteringsarbeidet starta opp i 2025.

Effektiv arealbruk

Gjennom areal- og parkeringsplanar og aktiv knutepunktutvikling jobbar partane i Miljøløftet for å sikre ei kompakt og miljøvennleg byutvikling som gir mindre behov for personbiltransport i bergensområdet.

Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging. I tråd med føringane i byvekstavtalen skal Regional areal- og transportplan for bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland, så vel som avtalekommunane sine kommunepplanar, oppdaterast slik at dei bidreg til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk i avtaleområdet.

Kapittelet gir ein status på Miljøløftet-kommunane sitt arbeid med forpliktingane rundt areal og parkering som ligg i byvekstavtalen. Anna relevant strategi- og planarbeid knytt til satsingsområda til Miljøløftet blir óg presentert.

Alver kommune

Arbeid med arealplanlegging og knutepunktsutvikling

Alver kommune har etter kommunesamanslåinga gjort eit omfattande arbeid i prosessen med å etablere ny, samla kommuneplan. Samfunnsdelen av denne vart godkjent i mai 2022. Alver opplever ei vesentleg tilflytting til sentrale strøk, samstundes som heile kommunen skal takast i bruk. Kravet om effektiv arealbruk er balansert i den vedtekte samfunnsdelen av kommuneplanen, medan den praktiske løysinga på arealbruken vert nedfelt i kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet for arealdelen vart vedteke hausten 2022. I 2023 og 2024 har det vore arbeidd med utgreiingar og kartleggingar basert på mange ulike innspel. Arealdelen av kommuneplanen var på 1. gongs høyring hausten 2025.

Knarvik er det naturlege hovudknutepunktet for mobilitet i Alver. Det er her planar om omfattande utbygging av tilbod for gåande og syklende i den nye og framtidige Knarvikbyen. Dette skal bli realisert gjennom mellom anna privat-offentlege utbyggingsavtalar, både noverande og nye. I dette inngår gatetun med gjennomgåande gang- og sykkeltrasé sentralt i Knarvik. Dei siste åra har det vore aktivitet med prosjektering, sal og bygging av fleire hundre leilegheiter og fleire tusen kvadratmeter forretningsareal. Frå desse

vil det vere kort gangavstand til offentleg kommunikasjon med mellom anna ekspressruter og snøggått til og frå Bergen.

På Frekhaug Senter har det også pågått utbygging og sal av sentrale leilegheiter og forretningsareal, med tilsvarande kort avstand til kommunikasjon med buss og båt. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det også definert andre sentra i kommunen og korleis desse er meint å fungere som knutepunkt og autonome sentra, men med god offentleg kommunikasjon til regionsenteret Knarvik og vidare til og frå Bergen.

Ny kollektivterminal med innfartsparkering opna på Flatøy på slutten av 2024. Denne har vorte godt tatt imot, og ein ser allereie at kapasiteten er ei utfordring på innfartsparkeringa. Ei utviding av denne, saman med andre tiltak i tilknytning til dette knutepunktet, er spelt inn som nytt prosjekt i Miljøløftet.

Arbeid med parkering

Parkerings situasjonen i Knarvik kan vere utfordrande, særleg for pendlarar. Kommunen har innført tidsavgrensing og betaling på sine parkeringsområde grunna kapasitetsutfordringar. Kommunen har i 2025 sett i gang eit arbeid for å sjå på framtidige løysingar for Knarvik, der både parkeringsnorm og bygging av nye felles parkeringsanlegg er ein del av biletet.

Andre aktivitetar

Alver har i 2025 tilsett eigen ressurs til arbeidet med Miljøløftet i kommunen. Dette er nødvendig for å sikre forventa prosjektframdrift i dei ulike byggeprosjekta og prosessane som kommunen har meldt inn til Miljøløftet. Alver har og sett i gang arbeid med eigen gåstrategi for kommunen. Dette arbeidet starta hausten 2025 og skal fullførast i løpet av 2026. Vidare har det vore dialog om innføring av nye mobilitetsløysingar, som samkøyring, i Alver. Dette vil bli følgt opp vidare. Det same gjeld det å få på plass ein fornyta mobilitetsplan for Nordhordland for dei komande åra.

Kommunen har elles vore arrangør og med-arrangør for toverretta verksemd med den europeiske Mobilitetsveka, og premiering av reisande som tek buss i staden for privatbil. Kommunen har også arbeidd med å sikre tilbodet med bildeleordning i søre del av Alver.

Askøy kommune

Arbeid med arealplanlegging og knutepunktsutvikling

Askøy kommune har arbeidd vidare med motsegn og merknader til kommuneplanens arealdel (KPA) etter høyringsrunde hausten 2024. KPA er forventa ferdig innan utgangen av 2026. I planen ligg det forslag om at alle større reguleringsplanar skal innehalde ein mobilitetsplan, og dette prinsippet er allereie tatt i bruk i 2025.

Det er arbeidd vidare med plan 213 Kleppestø sentrum, der det er avsett areal i fjell til å bygge parkeringsanlegg, som igjen vil frigjere dagens p-areal til bygg med høg arealutnytting i tråd med prinsippet om fortetting i sentrumsområde.

I forslaget til ny KPA ligg det ein omfattande reduksjon i tal parkeringsplassar i høve til gjeldande KPA.

Arbeid med parkering

Kommuneplanens arealdel legg føringer for parkering, inkludert innfartsparkering. Det er gjort vedtak om innføring av betalingsparkering på offentlege parkeringsplassar, og dette blei iverksett våren 2025. Askøy kommune har deltatt i arbeidsgruppa som har utarbeidd notat om innfartsparkering som er lagt til byutgreiinga. Det blir også arbeidd vidare med innfartsparkering på Ravnanger og i Kleppestø.

Arbeid med andre planar knytt til satsingsområda i Miljøloftet

Det blir arbeidd med ein mobilitetsstrategi for Askøy kommune der ein ser på fleire mobilitetsformer der gange og sykkel inngår. I 2025 er det arbeidd vidare med kunnskapsgrunnlaget for strategien. Dette arbeidet held fram i 2026.

Bergen kommune

Arbeid med arealplanlegging og knutepunktutvikling

Bergen kommunes arealdel KPA2018 legger opp til at vekst skal tas med gange, sykkel og kollektiv i tråd med byvekstavtalen. KPA rulleres, og ny rullering åpner for flere boliger, mer næringsutvikling, raskere saksbehandling og fortetting med lavere konfliktnivå. I tillegg skal kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland (KDP BLÅE) innarbeides i kommuneplanens arealdel. Framdriftsplanen tilsier vedtak av ny KPA i 2027.

Mindemyren

mindemyren er under transformasjon til Mindebyen. Hovedmålet for Mindemyren er å bygge en kompakt bydel som folk kan trives i. Området er endret fra å være tilrettelagt for biler og industri, til et område hvor folk kan gå, sykle og bevege seg mer fritt. Bybanen til Fyllingsdalen åpnet i 2022, og med en transportkapasitet for 20 000 mennesker baner den vei for realisering av et stort antall boliger og næringsvirksomheter.

Områdereguleringsplanen for Mindemyren er delt inn i 25 delområder, og det pågår planer i 14 av disse. De ulike delfeltene planlegges, bygges ut og ferdigstilles fortløpende og Mindebyen realiseres i ekspressfart. Arbeidet med forlengelse av ekspresssykkelvei fra Fjøsanger til Kristianborg er også godt i gang og forventes lagt ut til offentlig ettersyn i første halvdel av 2026.

Laksevåg

Offentlig og privat planarbeid på Laksevåg er i prosess. Det er tre offentlige og fire private planer som samordnes. Det overordnede målet er å transformere industri- og havneområdene ved Puddefjorden til levende og bærekraftige byområder. Områdene er en del av fortettingsstrategien til Bergen kommune med et utvidet Bergen sentrum som har et godt utviklet servicetilbud, næringstilbud, kulturtilbud og fritidstilbud.

Transformasjonsprosjektet sikrer overordnede avklaringer knyttet til blant annet bybanetrasé og mobilitetssystemer på Laksevåg. Dette gir føringer for alle planarbeid på Laksevåg i form av innhold og fremdrift, og sikrer en bærekraftig utvikling. Det legges til rette for gange, sykling og kollektivreiser i dagliglivet, der framtidig bybanetrasé er hovedstammen i transportnettet.

I tillegg til mobilitetsplanleggingen arbeides det med 14 felles deloppgaver som omhandler sosial infrastruktur, sjøpromenade, kriterier for mulig utfylling i sjø, faser i utviklingen og gjennomføringsmodeller.

KDP Bergen vest/KDP Kollektiv Laksevåg

Kollektivplan Bergen sentrum – Bergen vest ble vedtatt i bystyret i Bergen i april 2024. Det utarbeides en temaplan som i første fase følges opp med en arealdel for kommunedelplanen. KDP Kollektiv Laksevåg skal legge føringer for bybanetrasé mellom Dokken sør og Lyngbø. Planarbeidet har stor betydning for utviklingen av områdene Laksevåg og Dokken. Det pågår arbeid med konsekvensutredning for aktuelle traséer. Våren 2026 skal konsekvensutredningen legges ut på høring, og etter høringen vil arbeidet med planforslag for ny anbefalt trasé bli startet opp.

Parkering

Bergen kommune har økt prisene for parkering i sentrum for å stimulere til bruk av sykkel, gange og kollektiv. Boligsoneordningen i og omkring Bergen sentrum brukes som et virkemiddel for å nå nullvekstmålet og bedre parkeringsforholdene for beboerne. Det arbeides også for å sikre innfartsparkeringsplasser for å gi en sømløs overgang til kollektiv og lette på parkeringsbehovet i sentrum. Ny forskrift om boligsoneparkering er utarbeidet og sendt på høring i 2025. Den foreslår bl.a. endringer som gjør regelverket bedre tilpasset digitale løsninger i drift av ordningen.

Bjørnafjorden kommune

Sykelstrategi

Det vart i 2025 sett ut totalt 12 sykkelboksar i kommunen, plassert i Osøyro, Lyseparken og Kuventræ skule.

Grøn mobilitetsstrategi

Det er i 2025 brukt midlar til å følge opp strategien. Kommunen har starta reguleringsplan for å flytte kollektivterminal og etablere innfartsparkeringsplassar tett på ny terminal. Dagens terminal er utdatert og har ikkje kapasitet til dagens kollektivtilbod. Bussar må i dag nytte areal til oppstilling der ny kollektivterminal skal plasserast. I rushtid er det fleire bussar på terminalen enn det er plass til. Det fører til at bussar står og ventar i rundkøyring i fylkesvegen på å kome inn. I tillegg er det ikkje plass for bussar å møtast i T-kryss. Det skjer dagleg at bussar må rygge tilbake på terminalen. Flytting av terminal vil løyse dette og vere meir framtidretta for den venta veksten kommunen planlegg for. I tillegg er området for dagens terminal regulert til sentrumsutvikling, der det skal etablerast bustadar, kontor og handel. Dette er i tråd med nasjonale, regional og lokale retningslinjer om å transformere og fortette i regionsenteret.

Reguleringsplan for Lyseparken–Søfteland er utarbeidd som følge av rekkefølgekrav til næringsplan for Lyseparken. Dette er eit krav frå Vestland fylkeskommune som følge av byveksttalen og nullvekstmålet. Reguleringsplanen inneber ein 2,7 km lang gang- og sykkelveg mellom Lyseparken og Byvegen. Med dette vil det bli ein samanhengande gang- og sykkelveg frå Nesttun i Bergen til Lyseparken og vidare til Lysefjorden.

Øygarden kommune

Arbeid med arealplanlegging og knutepunktutvikling

Kommunen har gjennom 2025 arbeidd med planprogram for ny KPA, og framlegg til planprogram med strategiar for arealbruk vart hausten 2025 sendt på høring. Etter framdriftsplanen skal planprogrammet bli vedtatt i kommunestyret i januar 2026.

Tidlegare varsla arbeid med strategisk planprogram for Straume sentrum er tatt inn i KPA sine strategiar for arealbruk og skal gje føringar for m.a. tema som trafikk og mobilitet, parkering og transformasjon.

Planprogram for ny KPA inneheld òg strategiar for vidare utvikling av kommunedelsentra og lokalsentra.

Arbeid med områdeplan for Straume sentrum nord som omfattar mellom anna ny vidaregåande skule og kollektivterminal er under arbeid, og etter framdriftsplanen skal områdeplanen til førstegangsbehandling mars 2026. Planen er viktig for vidare utvikling og transformasjon av regionsenteret når riksvegen blir lagt i tunell under Straume.

Arbeid med parkering

kunnskapsgrunnlag frå tidlegare gjennomført arbeid med parkeringsscenario for Straume er vidareført i framlegg til strategiar for parkering på Straume i planprogram for KPA.

Arbeid med andre planar knytt til satsingsområda i miljøløftet

Kommunestyret vedtok i juni 2025 ny trafikktryggleiksplan for kommunen.

Seinhausten 2025 vart det starta arbeid med ein mobilitetsplan for regionsenteret på Straume. Planen vil ha hovudfokus på gåande og syklande.

Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet

Sekretariatet koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen mellom partane i Miljøløftet. Sekretariatet legg til rette for god porteføljestyring, og syter for jamleg rapportering på økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har og eit ansvar for ekstern kommunikasjon. Det er ei viktig oppgåve å synleggjere og fortelje kvifor vi har Miljøløftet, og bidra til å endre haldningar og motivere til nye handlingar.

Kommunikasjon og haldningsskapande arbeid

Vi vil synleggjere tiltaka vi gjennomfører, fortelje kvifor dei er viktige og vise korleis kvar og ein av oss kan bidra til nullvekstmålet gjennom våre reisevanar. I tillegg til ordinært kommunikasjonsarbeid gjennom sosiale medium, nettsida til Miljøløftet og andre kanalar, har sekretariatet gjennom året jobba med fleire større kommunikasjonsiltak.

Sykle til kamp

I samarbeid med Bedriftsidretten, Sportsklubben Brann og Bergen kommune, og med støtte frå EU-prosjektet Active Cities, har Miljøløftet ein kampanje som skal oppmode publikum til å bruke sykkel når dei skal på Brann-kamp. Syklistane får gratis, bemanna sykkelparkering, og dei 30 første får gratis sykkel-service under fotballkampen. Alle som sykla er med i trekninga av kampbilletter til dei neste kampane i sesongen. Kampanjen vart starta opp i 2024, og heldt fram i 2025-sesongen. I 2025 vart Sykle til kamp arrangert under åtte kampar, fire om våren og fire om hausten. Fire av kampane var med herrelaget, fire med kvinnelaget.

Mobilitetsveka

Den årlege europeiske mobilitetsveka vart arrangert 16.–22. september. Veka vart markert med ei rekke aktivitetar og arrangement i alle Miljøløftet-kommunane. Vi gav ut smoothie og smågaver til folk som gjekk, sykla og reiste kollektiv fleire stadar i løpet av veka, og vi tilbydde gratis sykkelservice i alle kommunane.

Høgdepunktet for mange var nok det spektakulære sykkelshowet frå MOOW, som vart arrangert på Fauskanger barne- og ungdomsskule og Kleppestø senter på Askøy, Giskavollen parkeringshus i Bjørnafjorden, Knarvik senter og Alversund skule i Alver, Grønamyrvegen på Straume i Øygarden og på Torgallmenningen

under Bilfri dag i Bergen. I tillegg hadde vi eit skulearrangement i Spildepollen sykkelpark med oppvisning av Bergen Skateklubb.

Det vart også arrangert eit «ope-for-alle» seminar hos bymiljøetaten i Bergen kommune, med tema «mobilitet for alle», og eit foredrag på Litteraturhuset der eventyrrar Teresie Hommersand fortalte om si spennande, fire år lange reise på sykkel frå Sør-Afrika til Nordkapp. Laurdag 20. september blei Bilfri dag arrangert i Bergen sentrum som ein del av Mobilitetsveka. Delar av sentrum, frå Vaskerelven til Ole Bulls plass, stengde for biltrafikk. Gatene blei i staden fylte med folk og aktivitetar. Det vart gatesirkus, ombruksmarknad, gatekonsert med Stig van Eijk utanfor Kulturhuset, og ei rekke andre aktivitetar for store og små.

Andre kampanjar

Som tidlegare år hadde Miljøløftet ein kampanje på vintersykling i november og desember for å få fleire til å forlenge sykkelsesongen. Syklistar som kjøpte piggdekk fekk spandert det eine dekket av Miljøløftet. Dekkskift, også for eigne dekk, var inkludert. Tilbodet gjaldt i alle Miljøløftet-kommunane. Til saman vart 437 piggdekk levert ut, og det vart gjort dekkskift på 548 sykklar. Ei undersøking blant dei som nytta seg av tilbodet viste at ein tredjedel ikkje hadde sykla jamleg om vinteren før. Åtte av ti hadde ikkje tidlegare nytta seg av piggdekktilbodet.

Våren 2025 gjennomførte Miljøløftet Byt gir-kampanjen, som har som mål å få fleire til å bruke sykkel eller el-sykkel til jobb. Kampanjen fokuserte på fordelar ved å sykle og ga motivasjon og tips for å dulte potensielle syklistar inn i ein ny reisevane. I tillegg besøkte vi tolv bedrifter der dei tilsette fekk gratis sykkelservice, fekk prøve elsyklar og kunne vere med i ei trekning om å vinne to elsyklar. 270 sykklar fekk service under kampanjen, og 250 deltok i elsykel-konkurransen.

I førjulsstria ville vi gje ei ekstra merksemd til folk som sykklar eller går, og vi overraska derfor forbipasserande ved Kronstad haldeplass med peparkaker, gløgg og nydeleg julesong frå koret Oppstemt.

Spørjeundersøking

Miljøløftet gjennomfører årleg ei spørjeundersøking om kjennskap og haldningar til Miljøløftet. Undersø-



Offisiell opning av innfartsparkeringa i Ågotnes.
Foto: Vagleik Brekke.



Miljøløftet var til stades på Klimafestivalen. Foto: Ander Kjetland.



Koret Oppstemt med ei julehelsing til forbi-passerende syklistar og gåande. Foto: Kari Gåsemyr.



Gratis sykkelparkering på Brann-kamp.
Foto: Anders Kjetland.



Bytt gir-kampanje for bedrifter i Bergens-området. Foto: Thor Brødreskift.



Politisk seminar vart arrangert for lokalpolitikare i avtaleområdet. Foto: Anders Kjetland.

kinga går ut til om lag 1800 personar i Bergen, Askøy, Øygarden, Alver og Bjørnafjorden. 59 prosent svarte at dei har høyrte om Miljøløftet, ein nedgang frå 63 prosent i 2024. Dei fleste av desse har positive haldningar til Miljøløftet – 68 prosent er svært eller ganske positive til Miljøløftet.

Opningar og markeringar

Sekretariatet har vore til stades på fleire opningar og markeringar, og har samstundes synleggjort tiltak, opningar og andre aktuelle hendingar i sosiale medium og på nettsida til Miljøløftet.

24. juni var det offisiell opning av Miljøløftet-prosjektet i Kleppevegen på Myrane på Askøy. Opninga vart markert med snorklipp og song og dans frå borna i Kleppestø barnehage. Både fylkesordførar Jon Askeland, fylkesvaraordførar Stian Davies og Askøy-ordførar Yngve Fosse var til stades.

I løpet av berre eit par dagar i august markerte vi opninga av to andre prosjekt: Sagstadvegen i Alver og Åsen-Helleskaret i Bjørnafjorden. Også her vart det oppmøte frå skule- og barnehageungar, politikarar og lokalbebuarar. Mellom anna blei snora over Sagstadvegen klipt til full jubel frå 460 elevar, medan Sagstad skulekorps stod for den musikalske underhaldninga.

Sekretariatet har også vore til stades på opningar av Grønamyrvegen på Straume, innfartsparkering på Ågotnes, sykkelprioritert gate i Klaus Hansens vei i Bergen og ei markering av at første delstrekning på sykkelstamvegen nordover frå Bergen sentrum, mellom Bradbenken og Sandvikstorget, opna for bruk. Vi markerte også vintersykkeldagen 12. februar med utdeling til syklistar på Mindemyren, og hadde ein stand under Klimafestivalen 15. mars.

Anna arbeid i sekretariatet

Sekretariatet har ansvaret for å koordinere samarbeidet mellom partane i Miljøløftet, arrangere møte, førebu saker og skrive referat. Sentralt i arbeidet står rulleringa av handlingsprogrammet, frå prosjektark blir utarbeidd og levert, til handlingsprogrammet er vedteke.

Sekretariatet har også ansvar for å samle og presentere rapportering på økonomi, prosjektstatus og måloppnåing i Miljøløftet. Rapporteringa blir samla i årsmeldinga. I tillegg rapporterer sekretariatet tertialsvis på økonomien i Miljøløftet.

I 2025 blei det gjennomført sju møte i styringsgruppa for Miljøløftet. Det har også vore eit møte i politisk styringsgruppe for Miljøløftet, der politisk leiing i departementa var representert.

Prioriteringsrådet har hatt åtte møte. Det har også vore jamlege møte i samordningsfunksjonen, der sekretariatet deltek saman med representantar for partane. I mai arrangerte sekretariatet og arbeidsgruppene ein felles fagdag.

Sekretariatet arrangerte politisk seminar 17. oktober for lokalpolitikarar i Bergen, Alver, Bjørnafjorden, Øygarden, Askøy og Vestland fylkeskommune. Tema for seminaret var den nye byutgreiinga, som undersøker kva effekt ulike typar tiltak vil ha for nullvekstmålet.

Bypakke Bergen

Det skal bli mindre attraktivt å velje bil framfor andre transportmåtar til personreiser. Med bompengepakka Bypakke Bergen har Miljøløftet eit verktøy som kan nyttast til å dempe trafikkvekst og bidra til målet om nullvekst i personbiltrafikken.

I desember 2017 blei Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland (Stortingsproposisjon 11S, 2017-2018) vedteken. Dette innebar ei utviding av bomsystemet med 15 nye bomstasjonar, saman med innføring av miljødifferensierte takstar. Dei nye bomstasjonane opna 6. april 2019, og miljødifferensierte takstar blei innført i 2018.

I 2025 blei det registrert 96,3 millionar passeringar gjennom Bypakke Bergen sine bomstasjonar. Det er ein auke på 2,3 prosent samanlikna med året før, då talet passeringar var 94,2 millionar. Fridagane jula 2024 var plassert slik at det blei lite trafikk i starten av 2025. Elles har trafikknivået vore jamt høgare i 2025 sett mot


2024. 96,3 millionar årlege passeringar svarer til ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 263 880.

Prosentandelen passeringar med nullutsleppskøyretøy av totalt antal passeringar, var i desember 2025 på 54,5 prosent. Dette er ein auke frå 49,9 prosent i desember 2024. For året 2025 som heilskap enda nullutsleppsdelene på 51,2 prosent. Mars 2025 var første månad Bypakke Bergen hadde elbilandel over 50 prosent.

Takstane i Bypakke Bergen blei prisjustert frå 1. januar 2025 basert på ein prisvekst på tre prosent.

Gjennomsnittstaksten i Bypakke Bergen starta på 12,10 kr i januar 2025. Denne minka til 11,22 kr i desember 2025. Årsaka til endringa er vaksande mengde elbilar, med tilhøyrande rabatterte takst, ut over året.

Bompasseringer



Det vart etablert 15 nye bomstasjonar i april 2019. For å sikre at bompasseringane kan samanliknast over tid, er det her gjort eit skilde mellom dei «gamle» og dei «nye» bomstasjonane. Antal passeringar i dei gamle stasjonane i 2025 er sett mot antal passeringar i dei gamle stasjonane i referanseåret 2018. For dei nye stasjonane er antal passeringar mellom mai og desember 2024, sett mot antal passeringar i same periode i oppstartsåret 2019.

Del

03

Økonomi



Oversikt

Tiltaka som vert finansiert gjennom Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet for bergensområdet.

Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028, år 2025, er utgangspunktet for finansieringa i 2025. Handlingsprogrammet vert vedteke med atterhald om finansiering i statsbudsjett og fylkesbudsjett, og med ei forventta bompengainntekt.

Tabellane på dei neste sidene syner forbruk i 2025 sett opp mot handlingsprogrammet og tilgjengeleg finansiering i 2025. Den tilgjengelege finansieringa er summen av løyvingar i 2025 og eventuelt overførte midlar frå tidlegare år. Eventuelle avvik blir kommentert over. Miljøløftet blir finansiert av følgjande ulike kjelder:

Statlege midlar

Post 30: Programområdetiltak på riksveg

om lag 4,5 mrd. (eit årleg gjennomsnitt på 408 mill. i 2020-kr.) skal setjast av til framkometiltak for kollektivtrafikk, syklande og gåande i avtaleperioden. Midlane kan også nyttast på kommunale og fylkeskommunale gang-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Midlane vert indeksert årleg.

Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt

Finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen vart avslutta i 2023. 96 mill. vart innbetalt av Statens vegvesen i 2023 over post 63. Finansiering av Bybanen til Åsane (byggetrinn 5) er ikkje avklart.

Post 66: Belønningsordninga byvekstavtaler

Belønningsmidlane skal bidra til betre framkome, miljø og helse i storbyområde, ved å dempe auken i personbiltransport og auke talet på kollektivreiser. Midlane frå belønningsordninga, 314 mill. 2020-kr. årleg,

vert fordelt med 280 mill. til Skyss (drift kollektiv), og resten til deltakarkommunane. Tilskotet vert indeksert. Unytta tilskot vert sett på fond hjå fylket til seinare års bruk.

Post 66: Regjeringa si bompengavtale

Frå 2020 vart det utbetalt eit tredelt tilskot til reduserte billettprisar (50 mill. 2020-kr. årleg), tilskot til reduserte bompengar (55 mill. 2020-kr. årleg), og tilskot til betre kollektivtilbod (55 mill. 2020-kr. årleg). Tilskotet vert indeksert. Ubrukt tilskot har tidlegare sett på fond hjå fylket til seinare års bruk. I 2022 opna regjeringa opp for at tilskotet til reduserte bompengar kunne nyttast til betre kollektivtilbod, dersom det var lokalpolitisk semje om det. Med bakgrunn i lokalpolitiske vedtak i fylkestinget og bystyret, vedtok styringsgruppa for bypakke Bergen i desember 2022, at heile tilskotet til reduserte bompengar frå og med 1. mars 2023 skal nyttast til betre kollektivtilbod.

Jernbanetiltak i Miljøløftets avtaleområde vert fullfinansiert av staten. Investeringar på jernbane inngår ikkje i Miljøløftet si økonomiske oversikt.

Fylkeskommunalt bidrag

Byvekstavtalen fastset eit årleg bidrag frå Vestland fylkeskommune på 270 mill. 2020-kr. Midlane vert indeksert.

Bompengar (Bypakke Bergen)

Bompengerekkjeringa i Miljøløftet er forankra i Prop. 11 S (2017-2018). Inntekter frå bompengepasseringar kjem fram av årsrapporten til Ferde, og var 1 122 mill. i 2025. Netto bompengerekkjeringar var 907 mill. Gjelda i bypakke Bergen var på 3 400 mill. ved utgangen av 2025.



Byvekstavtalen 2025

I 2025 var samla løyving til Miljøløftet på 1 253 mill., medan det blei overført 253 mill. frå tidlegare år. Dette gav disponible midlar på 1 506 mill. Rekneskapen viser eit samla forbruk på 1 235 mill., noko som gir eit mindreforbruk på 271 mill. Mykje av mindreforbruket må sjåast i samanheng med framdrift i prosjektporteføljen, og inneber at midlar blir overført til bruk i seinare år.

Ein del av mindreforbruket er planlagt. Totalt 26 mill. er sett av for å sikre midlar til framtidige driftskostnader for kollektivtransport. I tillegg er om lag 18 mill. av mindreforbruket vurdert som varige innsparingar, då

midlane ikkje lenger er bundne til prosjektgjennomføring. Desse midlane kan omdisponerast til andre prosjekt. Mindreforbruk knytt til uavklarte sluttoppgjer er ikkje rekna som varig.

Hovuddelen av mindreforbruket kjem likevel av etterslep frå tidlegare år. Forseinkingar i enkelte prosjekt har over tid påverka framdrifta, i tillegg til nye forseinkingar som oppstod i løpet av året. Dette forklarar om lag 227 mill. av mindreforbruket i 2025, herav 20 mill. knytt til eit ferdig prosjekt som berre har sluttoppgjer att.

Oversiktstabell

Finansieringskjelde (tal i 1000-kr.)	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidlegare år	Til disp 2025	Rekneskap 2025	Avvik
Fylkeskommunalt bidrag	300 456	270 516	-	270 516	254 921	15 595
Post 30 Statlege programområde- midlar (til riksveg)	186 900	184 000	68 508	252 508	163 560	88 947
Post 30 Statlege programområde- midlar (til kommunal og fylkesveg)	208 873	164 900	104 368	269 268	213 270	55 998
Post 63 Statleg tilskot til store kollektivtiltak	-	-	-	-	-	-
Post 66 Statlege belønningssmidlar, drift kollektiv	396 000	393 974	19 637	413 611	381 000	32 611
Post 66 Statlege belønningssmidlar, regjeringas bompengeforlik	192 000	191 600	49 309	240 909	179 040	61 869
Post 66 Statlege belønningssmidlar, til kommunane	60 081	47 826	11 541	59 367	43 015	16 352
Totalsum	1 344 310	1 252 816	253 363	1 506 179	1 234 806	271 373



Prosjekt finansiert av Statlege Post 30-midlar

	Område	Miljøløftet-prosjektnamn (frå HP25-28)	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidlegare år	Til disp 2025	Rekneskap 2025	Avvik	Kommentar avvik
Gange og sykkel	Bergen	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	129 894	130 000	43 091	173 091	103 322	69 770	Prosjektering av mellombels omlegging av kablar hos BKK har ført til ei forseinking og har redusert framdrifta hos entreprenøren.
	Bergen	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	49 951	50 000	24 601	74 601	55 021	19 580	Prosjekt er om lag eit halvt år forseinka, med venta ferdigstilling våren 2027. Bygging av ein førebels blokkmur og senking av sykkelveg langs reperbanen er hovudårsaka til forseinkinga.
	Bergen	Sykkelstamveg del 3, Nesttun - Hop	-	2 000	815	2 815	4 361	-1 546	Avvik skuldast auka konsulentkostnader fordi kommunen ynskte eit endringsnotat, og at justert reguleringsplan skulle på ny avgrensa høyring.
Ko- lektiv	Bergen	Trafikktiltak Nygårdstangkryssset/ Fjøsangerveien	1 986	2 000	-	2 000	856	1 144	Avvik kjem av at aktiviteten er skoven ut i tid og naudsynte avklaringar har teke lengre tid enn føreset.
		Delsum, post 30 programområde-midlar riksveg	181 831	184 000	68 508	252 508	163 560	88 947	
Gange og sykkel	Alver	Utbedring av Sagstadvegen	3 135	3 100	11 300	14 400	14 400	-	
	Alver	Kv1023, Kv1056 Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	31 014	19 400	-	19 400	17 442	1 958	Mindreforbruk kjem av ein faktura på 0,5 mill. som blei fakturert med forfall i 2026 og noko forseinka framdrift på Bruvegen fortau.
	Alver	Fv.565 Manger kirke-Hesthaugen, fortau	1 724	2 000	-	2 000	2 000	-	
	Askøy	Kleppevegen ved Myrane	69 702	59 700	-	59 700	40 000	19 700	Sluttoppgjer går føre seg og det vil påløpe kostnader også i 2026. Resterande mindreforbruk etter sluttoppgjer er varig og kan omprioriterast andre tiltak.
	Askøy	Kv:1158 Kvernhusdalen	-	-	1 099	1 099	157	942	Varig mindreforbruk som kan omprioriterast til andre tiltak.
	Bjørnafjorden	Trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	9 928	9 900	43 250	53 150	41 841	11 309	Mindreforbruk kjem av at entreprenør er noko forseinka.
	Bjørnafjorden	Åsen-Helleskaret, gang- og sykkelveg	57 475	57 600	-	57 600	57 600	-	
	Bjørnafjorden	Fv.510 Trollalden-Lepsøyvegen, trygg GS-løysing	7 524	13 200	-	13 200	13 200	-	
	Øygarden	Kv:1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen	-	-	47 407	47 407	26 629	20 777	Gjenstår om lag 5 mill. å fakturera i 2026. Resterande mindreforbruk på 15 mill. er varig og kan omprioriterast til andre tiltak.
	Heile avtaleområdet	Mindreforbruk lokal veg - ikkje omprioritert	-	-	1 312	1 312	-	1 312	Samlepost for varig mindreforbruk som kan omprioriterast andre tiltak.
		Delsum, post 30 programområde-midlar kommunal- og fylkesveg	180 502	164 900	104 368	269 268	213 270	55 998	
		Totalsum, post 30	362 333	348 900	172 876	521 776	376 830	144 946	

Prosjekter finansiert med fylkeskommunale midlar

	Prosjektnamn i HP2025-2028 år 2025	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Rekneskap 2025	Avvik	Kommentar
Gange og sykkel	Fv5216 Håkonshellavegen	0	-7 500	-8 745	1 245	
	Fv5348 Klostergaten, gateopprusting	10 400	7 500	10 720	-3 220	Prosjektet har hatt raskare framdrift enn først føresett.
	Fv5190 Apeltunvegen	32 354	16 510	10 401	6 109	Avviket skyldast seinare utlysing på siste del enn først venta.
	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer	31 200	12 000	4 384	7 616	Avviket skyldast at det har teke tid å få lyst ut tiltaket. Styringsgruppa ga i desember 2025 aksept for auka ramme til mellom anna nullutslepp i anleggsfase.
	Sykkeltelling i Bergensområdet	2 080	2 100	1 988	112	
	Standardheving med vedlikeholdscharakter fylkesveg	55 224	76 000	79 995	-3 995	
	Trafikksikkerhet	26 520	25 500	19 900	5 600	Posten omfattar fleire mindre tiltak og avviket på posten heng saman med framdrifta og omfang i fleire av tiltaka. Posten sjåast i snitt over fleire år.
	Fremkommelighetstiltak sykkel	3 744	3 750	3 657	93	
	Program for teljing og analyse av fotgjengarstrumar og åtfærd	1 040	1 000	1 250	-250	
	Fv5200 Infrastruktur Paradis	0	-4 000	-3 848	-152	
	Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	2 080	9 159	5 803	3 356	Tiltaket har hatt seinare framdrift enn venta ved utarbeiding av budsjettet. Entreprenør knytt til dette tiltaket har gått konkurs.
	Manger kirke - Hesthaugen, fortau	0	140	-138	278	
	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	0	6 500	9 422	-2 922	
	Kollektivtransport	Nonneseter	10 400	7 000	11 555	-4 555
Kleppevegen ved Myrane		0	-20 000	-30 136	10 136	Sluttoppgjer er ikkje avklart. Entreprenør har gått konkurs.
Kjøp av bybanevogner		41 600	41 600	41 600	0	
Vedlikeholdstiltak av investeringscharakter Bybanen og Trolleybuss		20 800	18 000	20 800	-2 800	
Gangveier til kollektivtraséer		10 504	5 000	2 872	2 128	
Oppgradering holdeplasser		10 400	22 000	36 912	-14 912	Posten omfattar fleire mindre tiltak og avviket på posten heng saman med framdrifta og omfang i fleire av tiltaka. Posten sjåast i snitt over fleire år.
Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak		4 264	620	5 757	-5 137	Posten omfattar fleire mindre tiltak og avviket på posten heng saman med framdrifta og omfang i fleire av tiltaka. Posten sjåast i snitt over fleire år.
Oppgradering signalanlegg og ASP		1 560	1 500	1 389	111	
Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	1 040	500	500	0		

Tabellen fortsetter neste side



Fortsettelse: Prosjekter finansiert med fylkeskommunale midlar

	Prosjektnamn i HP2025-2028 år 2025	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Rekneskap 2025	Avvik	Kommentar
Anna	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	5 304	1 000	556	444	
	Fv5264 Nordre Hauglandsveg, prosjektering	5200	5 000	1 198	3 802	Avviket skyldast lågare pådrag på prosjektering enn venta.
	Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, prosjektering	1134	430	2 185	-1 755	
	Fv560 Skogsskiftet sentrum, prosjektering	6240	8 000	1 672	6 328	Avviket heng saman med forskyving i utlysningstidspunktet som følgje av av tiltaket ikkje fekk midler over revidert statsbudsjett for 2025.
	Fv. 5452 Leknesvegen, prosjektering	1 248	0	1 034	-1 034	
	Fv 582 Storetveitvegen, Hagrupsvei - Minde Alle, prosjektering	4 160	4 000	920	3 080	Avviket skyldast avpassa pådrag på prosjektering og anna førebuande arbeid, som følgje av pågåande prosess rundt planvedtaket.
	Fv 565 Hilland i Alver kommune, prosjektering	0	1 000	0	1 000	
	Fv 565 Manger kirke, prosjektering	0	0	178	-178	
	Paradis 2 byggetrinn, prosjektering	0	0	276	-276	
	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	10 608	10 600	8 840	1 760	
	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 352	1 350	868	482	
	Hjellestadvegen	0	5 921	4 878	1 043	
	Planlegging av Bybanen til Åsane	0	8 336	6 278	2 058	
Sum	300 456	270 516	254 921	15 595		

Post 66: Drift kollektiv

	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidlegare år	Til disp 2025	Rekneskap 2025	Avvik (fond pr. 31.12.25)	Kommentar
Drift kollektiv	396 000	393 974	19 637	413 611			
kollektivtransport	Iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen				260 000		Samla for heile 2025 er det nytta om lag 381 millionar kroner i belønningmidlar til drift av kollektivtransport. I all hovudsak er desse midlane knytt til å vidareføre tiltak frå tidlegare år. Driftstiltak sett i verk eitt år, vil medføre årleg kostnad kvart år ut avtaleperioden.
	Omlagging linjenett i Bergen vår 21				57 000		
	Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet				16 000		
	Styrking i Bergen sentrum linje 11				1 000		
	Etablering av regionstamlinje Bergen sør -Bjørnafjorden				7 000		
	Utsleppbåt Bergen - Askøy og Bergen - Alver				20 000		
	Styrka rutetilbod og bestillingstransport Askøy				15 000		
	Kommunikasjonstiltak - korleis få fleire til å reise kollektivt?				1 000		
	Samkøyring Askøy og Øygarden				4 000		
Totalsum	396 000	393 974	19 637	413 611	381 000	32 611	

Post 66: Regjeringa si bompengavtale

	HP2025-2028 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidlegare år	Til disp 2025	Rekneskap 2025	Avvik (fond pr. 31.12.25)	Kommentar	
Kollektiv	Tilskot til reduserte billettprisar	60 000	60 400	-	60 400	60 400	-	
	Redusert pris på periodebillett				60 400			
	Sum	60 000	60 400	-	120 800		-	
kollektivtransport	Tilskot til betre kollektivtilbod	132 000						
	Planarbeid knytt til KDP Vest			1 000	1 000	1 000	-	
	Vedlikehald bybanevogner og infrastruktur			35 000	35 000	35 000	-	
	Straksinnløyising sykkelveg			6 409	6 409	3 124	3 285	
	Arbeid med planlegge/gjennomføre innkjøp vognmateriell			4 000	4 000	7 285	-3 285	
	KDP Vest		12 000		12 000	10 631	1 369	Bergen kommune har nytta 11,6 mill. av den samla ramma knytt til KDP Vest på 13 mill. Gjenstående midlar vert nytta i 2026.
	Vedlikehald av investeringskarakter Bybanen		50 000		50 000	-	50 000	På grunn av lang ledetid på bestillingar, er det forventa levering i 2026 og tidleg i 2027 på utstyr til vedlikehald av investeringskarakter på Bybanen.
	Gangtilkomst til bybanehaldeplassar		11 100		11 100	600	10 500	Bergen kommune har nytta 0,6 mill. av den samla ramma på 11,1 mill. Gjenstående midlar vert nytta i 2026.
Redusert uttak av bompengar		58 100	2 900	61 000	61 000	-		
Totalsum	132 000	131 200	49 309	180 509	118 640	61 869		

Post 66: Belønningsmidlar til kommunane

Post 66: Belønningsmidlar til kommunane	Løyving 2025	Overført frå tidlegare år	Til disposisjon 2025	Utbetalt til kommunane i 2025	Avvik (fond hos VLFK pr. 31.12.25)
Bergen	33 432	2 932	36 364	36 157	207
Alver	3 461	3 192	6 653	-	6 653
Askøy	3 475	3 867	7 342	1 260	6 082
Bjørnafjorden	2 927	1 550	4 477	3 500	977
Øygarden	4 531	-	4 531	2 098	2 433
Totalsum	47 826	11 541	59 367	43 015	16 352



Fortsettelse av: Enkeltprosjekt finansiert av belønningsmidlar til kommunane
Enkeltprosjekt finansiert av belønningsmidlar til kommunane

	Prosjekt	Overført frå 2024	Utbe- talt i 2025	Til disp 2025	Rekn- skap 2025	Fond i kommune pr. 31.12.25	Kommentar
Bergen							
Gange og sykkel	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune				27 807		Fond pr. 31.12.2025 gjeld hovudsakleg eit prosjektet som gjeld gangetiltak i Fyllingsdalen som tilhører "Tiltak i handlingsplan for gange". Dette skuldast forseinka oppstart.
	Bysykelordningen i Bergen				5 200		
	Tiltak i handlingsplan for gange				6 253		
	Sykkelbyavtale - Sykkelbyen Bergen				520		
	Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling				307		
	Tiltak i handlingsplan for gange - bygging				2 794		
	Tiltak i handlingsplan for gange - plan				848		
Delsum belønningsmidlar til Bergen		18 375	36 157	54 532	43 729	10 803	
Alver							
Gange og sykkel	Sykkelpakke				324		Tiltak er delvis gjennomført i 2025, noko utsett til 2026.
	Samlepott belønningsmidler Alver 2024				591		
Annet	Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver				1 666		
Delsum belønningsmidlar til Alver		6 986	-	6 986	2 581	4 405	
Askøy							
Gange og sykkel	Oppfølging av sykkelstrategi				64		
Annet	Planleggingsmidler Askøy kommune				1 471		
Delsum belønningsmidlar til Askøy		2 068	1 260	3 328	1 535	1 793	
Bjørnafjorden							
Gange og sykkel	Berekraftig og attraktivt Osøyro				-		Meirforbruk er grunna høgare aktivitet enn planlagt på tiltaket "Strategi for grønn mobilitet i Bjørnafjorden kommune". Noko aktivitet på tiltaket "Sykkelstrategi for Bjørnafjorden" er derfor utsett.
	Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard				246		
	Sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommune				151		
Annet	Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune				8 053		
Delsum belønningsmidlar til Bjørnafjorden		4 071	3 500	7 571	8 450	-879	
Øygarden							
Gange og sykkel	Fv Ågotnes Miljøgate				1 010		
	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret				303		
	Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen				5 346		
	Kampanje haldningsskapande arbeid				8		
	Trafikkanalyse for regionsenter Straume				336		
	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune				696		
	Trafikksikringsplan Øygarden				332		
	Trygg sykkelparkering				13		
	Innfartsparkering Ågotnes				1 807		
	Delsum belønningsmidlar til Øygarden		8 888	2 098	10 986	9 851	1 135
Sum belønningsmidlar til kommunane		40 388	43 015	83 403	66 146	17 257	



Bypakke Bergen (2018–2037)

For Bypakke Bergen gjeld føringar frå stortingsproposisjon 11 S (2017-2018). Bompengepakka varar frå 2018 til 2037. Den første tabellen syner ei oversikt over netto bompengeinntekter og utgifter til bompengefinansierte prosjekt for åra 2018-2025. Den andre tabellen syner oversikt over aktivitet i 2025 sett opp mot kva som var forventa i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028 for år 2025.

Oversikt Bypakke Bergen (Prop 11 S)

BYPAKKE BERGEN (tal i 1000-kr.)	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Bompengeinntekter								
Passeringsinntekter	704 370	1 032 584	1 021 930	995 234	1 020 242	1 131 146	1 104 097	1 122 912
Andre driftsinntekter	13 087	13 394	30 358	19 197	0	1 176	794	676
Driftskostnader	-72 086	-97 878	-104 120	-107 689	-68 649	-76 291	-79 463	-78 505
Finansinntekter	2 624	3 158	6 287	109 571	11 063	36 854	22 020	26 587
Finanskostnader	-83 577	-111 611	-81 879	-61 926	-120 875	-215 393	-196 122	-164 687
Netto bompengeinntekt	564 419	839 647	872 577	954 387	841 781	877 492	851 326	906 982
Utgifter til bompengeprojekt								
Bybanen III	170 000	20 000						
Ringveg vest II	45 000	6 100						
Hjellestadveien	79 000	10 660	30 000	3 582	39 845	45 100	22 461	-3 721
Bybanen IV	160 000	659 000	700 000	923 000	824 452	50 000	110 024	5 659
Planlegging av Bybanen Bergen sentrum - Åsane	2 000	41 000	48 800	51 000	116 565	12 350	-288	16 664
Førebuande arbeid med Bybanen BT5							179 797	82 306
Bygging av nye bomsnitt	30 000	35 000	1 415		2 160			
Sandslikrysset		38 000						
Utgifter til bompengefinansierte prosjekt	486 000	809 760	780 215	977 582	983 021	107 450	311 994	100 908

Prosjekt finansiert av bompengar

Bypakke Bergen 2025 (tal i 1000-kr.)	HP25-28 (2025)	Rekneskap 2025	Avvik (HP 2025 minus prognose)	Kommentar
Brutto bompengeinntekt	-1 121 280	-1 122 912	-1 632	I HP25-28 var det lagt til grunn ein gj.sn.takst på 12 kr og ein ÅDT på 256 tusen. Inntekta blei 1,6 mill. høgare enn prognosen, dette på tross av ein lågare gj.sn.takst på rundt 11,65 kr. Årsaka er høgare ÅDT på om lag 264 tusen.
Netto drifts- og finanskostnader	287 000	215 930	-71 070	
Netto bompengeinntekt	-834 280	-906 982	-72 702	
Førebuande arbeid med Bybanen BT5	-	82 306	82 306	
Bybanen IV	-	5 659	5 659	
Hjellestadvegen	-	-3 721	-3 721	
Planlegging av Bybanen Bergen sentrum - Åsane	-	16 664	16 664	
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	-	100 908	100 908	
Netto bompengeinntekt minus rekvirering av bompengar		-806 074		Netto bompengeinntekter i 2025 var om lag 806 mill. høgare enn kostnadene til bompengefinansierte prosjekt.

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland

Miljøløftet
Nygårdsgaten 112
5009 Bergen